

Ei liti Ferd

fraa

Sogndal til Fjerland

av

Henrik Krohn.



Bjørgvin 1868.

Hjaa Ed. B. Giertsen.

Prentat hjaa J. D. Beyer.

Til Havslo, Veitastrandi og Kaldedalen.

Dat var ein Fredags Kveld fyrst i August 1867 at eg drog fraa Sogndal i Fylgje med ein god gamall Vin, som var komen fraa Byen til at slaa seg i Lag med meg nokre Dagar. Mang ei fagna Ferd hava me gjort isaman alt fraa Ungdomen. Han er lika so glad i at ferdast paa Landsbygdom som eg, vyrder Bonden og kjenner Maalet hans jamgodt med dei hævaste Maalmenner. Me hava nokorlunda same Syn paa Livet, kunna eta Landskosten med god Mathug, kunna baade tvo godt tola dei smaae Saknadar, so som dat kann falla seg paa Gongeferder i Avdalar, naar eg undantek at Vinen min inkje vel kann onvera Koffi um Morgonen. Men daa han sjølv ber honom med seg og jamlega so myket at eg ogso fær ein Skvett med honom, so kann dette litle Usamhøvet inkje vera til Hindring fyre, at han er dan beste Felagen, som eg vil hava med meg paa ei slik Ferd. Dat var difyre stor Hugnad at leggja i Vegen med ei høveleg tung Skreppa paa Ryggen i Lag med denne trauste Vinen min, fraa Nagløyri i Botnen av Sogndalsfjorden, upp etter Gildreskrida

og framum dan forvitnelege Helvitesfossen og Futarspranget, som eg hever skrivet um ein Gong fyrr. Ingen Tid kann vera laglegare til at byrja ei Gongeferd paa, en ein slik væn Sumarkveld, som me hadde. Daa er dat Tid at syngja.

Naar som Skuggarne falla i Dalar,
best dat høver at taka paa Ferd,
for naar Kveldskjølen Panna di svalar,
mykjet sljotare Foten deg ber.

Og naar Fuglarne Kveldsvisa syngja
og i Takt til ditt Fotslag dei slaa,
daa di Skreppa deg mindre vil tyngja,
fram til Kvilet du lettar' vil naa.

Naar or Dalamid Skuggarne stiger
og naar Stardljoset lyser i Lid
medan Soli bak Fjellbruni siger,
ja daa er dat dan fagraste Tid.

Kvar dan Liten paa Aasar og Heider
er so væn, naar dat lider mot Kveld;
Moen fint yver Fjelli seg breider,
og so skirblaatt er Himmelens Tjeld.

Og daa er dat so godt upp aa Bakken
at faa liggja og kvila seg ut
med si Skreppa til Stød under Nakken
og fyr Augo dan solgylte Nut.

Ja huglegt er dat at vera paa Ferd ein slik Sumarkveld, baade naar du gjeng og naar du kviler, anten du dreg gjenom Fureskogen, som her ovanfyre Gildreskrida er so fullgrodd av dan litle væne „Linnæa", at dat angar av henne fraa alle Sidor, elder du kjem fram paa dat skoglause Leitet med Utsyn baade yver høgt og laagt. Dat er vel inkje mange Stader du kann fara ei meir forvitneleg Halvmil etter Stormannsvegen, en her fraa Sogndalsfjorden og til Oklaviki ved Havslo-Vatnet. Dat er her so mangskapat: villt og yndelegt, trongt og vidt, snaudt og grasgrott, skogutt og skoglaust, og dartil ero Fjelli ikringum og Elvi med dan forfælande Fossen hardla staute og storfengde.

Me skulde aat Veitastrondi, og dan einaste Vegen til denne tronge Avdalen gjeng yver Havslovatnet. Me maatte difyre freista med at faa oss Far yver Vatnet i Oklaviki. Gamlefolket, som vaaro einsaman heima i Tunet, tvilte fyre at dat var liti Raad med di so seint paa Kvelden og midt i Slaatten, men synte oss daa til Sonen, som stod og slo nede i ei liti Dæld. Han gledde seg trulega i Kveldingi og at dat berre var nokre Minut atter av Kvelds-Ykti, so at han kunde faa koma heim og stilla Mathugen og kvila dei trøytte Limerne sine. Dat var inkje ventande at han skulde hava Hug til at slita paa Aarom no, men endaa fekk me honom med oss, daa me hadde godsnakkat med honom eit

Bil. Naar ein uttrøytt Arbeidskar soleides ser burt ifraa seg sjølv og mot sin eigen Hug gjerer seg Møda fyre mi Skuld, som han kunde lata vera, daa tek eg imot dat som ein stor Beine. Eg tykjer dat er harmelegt og skamlaust, naar Byfolk so ofta koma inn til Bonden og kaut krev som ein sjølvgjeven Rett, at han skal gløyma baade Trøyttleike og Mathug elder setja sitt naudsynlege Arbeid aa Sida og paa sette Timen ganga dar dei vilja driva honom. Dat er og hardla uvitugt at skjella og smella, um Bonden inkje vil lata jaga seg i annan Manns Ærend paa dan Maaten, og urett er dat at klaga, um han daa viser deg ifraa seg. Dei Skillingarne, som du stend med i Neven, vil i mange Tilfelle litet uppvega dan Møda, du legg paa honom, elder dan Tidi, som han tek fraa sitt eiget Starv, som du jamnaste kjenner altfor litet til, til rett at kunna verdsetja dat. I alle Tilfelle kann Pengarne dine inkje gjeva deg Rett til at fara aat som han være din Tenestegut elder nokot endaa ringare. Slik Aatferd er berre til Vanvyrding fyre baade Partar og el anten Trælslynde elder Hat og Misnøgje. — Dat var som sagt inkje ventande, at han Nils Oklaviki skulde hava stor Hug at ro dan halve Mili att og fram yver Vatnet dette Bil, og me vaaro difyre takksame daa han hugheil og vinlegt sette ut Baaten og treiv til Aarom, som han i Vissa gjorde just fyre di me toko imot dat som ein munarleg Beine, so som dat ogso

var. Paa denne Visi kjem ein ogso Bonden nærre, og naar du daa kann svalla med honom paa dat eigne Maalet, daa vil han samtala med deg opet og greidt, um du ogso er „frakkeklædd". Naar du so bed honom Velfar, daa hever du alet fram vinlege og gode Kjenslor i Hugen hans og trulega vunnet deg ein Kjenning, som ein annan Gong vil verda glad naar han ser deg, og inkje samstava med dan Bonden, som eg ein Gong i Sumar høyrde spottande segja: „dat er so mange Frakkefantar i Bygdi i Aar, at eg litet kann faa sputta." Dat var rett eit huglegt Samvære dan litle Stundi me vaaro i Lag med honom Nils, som baade spurd og uspurd paa sitt gode, kvike Maal gav oss so god Skilgreida paa Gardsnomn, Fjellnomn, Bygdarsed og annat. Visst er dat, at Landsfolk inkje alltid hava same Visi i sitt Umgjenge med framandt Folk. Dat skil seg myket paa di, at dei inkje ero lika opne og endeframme mot alle og lika reidebune til at gjera Skilgreida og koma fram med sine rette Tankar. Kjem dat ein framfus og flaakjeftad Bymann, som inkje skynar Bonden, so som dat dessverre so ofta er Tilfellet, kann ein lita paa, at Bonden vil dylja sine rette Tankar og at ein slik Bymann vil fara burt lika vis elder jamvel endaa gapnare en han kom, alt dat han spyrr og fretter. „Høge Herrar faa alltid Høling og sjeldan Sanning." Slike Folk vil Bonden snakka etter Munnen, og dat ein

helst høyrer, dat trur ein snart. Difyre hender dat ogso jamt, at Byfolk, som bera Ov-elsk til dan danske Kulturen og sparka imot Maalsaki og Nordmannskapen, koma fraa Landsbygdom og slaa ikring seg med dei løglegaste Ting, som Bonden sjølv skal hava sagt deim, so som at han inkje kann skyna Landsmaalet kortje i Skrift elder Tale, at han ingen Vande hever med Bokmaalet, at Bondaborni inkje kunna skyna dan Læraren, som brukar deira eiget Maal i Skulen, at dat var umogolegt at skyna dan og dan Maalmannen, som foor i Bygdi og snakkade Landsmaal, og myket annat Vas.

Men eg lyt koma tilbakar til Ferdi mi. Han stend so skir og fager i Minnet mitt, denne Kvelden. Baaten seig so fint fram yver dan blenkjande Vatsspegel, medan eg og Nils rodde og Felagen min sat bak i Rongi og starad heilt drøymande ikring um seg, so som dat høver seg aat ein Tonemeister, som han er. Dat song trulega eit fagert Tonestykke fyre Øyro hans i dan væne Kvelden fraa dei sollyste Høgfjelli med dei glimande, bleikraude Snjofenner, som speglad seg i Vatnet; fraa dat giddande Kjøldraget, som leikad bak etter Baaten; fraa dei myrke Skuggar fraa Fjelli vest i, som gjorde dan blanke Sjoen so skiftande; fraa dat klangfulle Maalet hans Nils og Bjøllelaaten burte fraa Aasen; fraa alle Baatarne, som førde dat glade Vinnefolket heim or Marki; fraa Svallet av dei skjemtande

Gutom og Laatten fraa dei kvitermde Gjentom. Eg laut sidstpaa leggja inn Aaraparret mitt, til og dess friare at kunna sjaa ikring paa dat vide Landskapet, som laag i dat rikaste Litskifte, som ein bjart Sumarkveld etter ein heit Dag kann skapa, og som kunde kallast italiensk um dat inkje var so skirande norskt. Me saato sidstpaa tagalle, til dess Nils tok dat sidste sterke Aaratak et og dreiv Baaten uppetter dan sandutte Fjøra paa Kyrkjelandet.

Etter at Nils hadde gjevet oss Rettleiding og sagt oss kven me skulde venda oss til etter Far-greida inn etter Veitastrondi, og etter at han hadde sagt oss sitt Velfar og vinlege „Lukka paa Reisi," skaut han Baaten ut etter Fjøra, spratt lidugt inn yver Stamnen og drog syngjande heimatter.

Gamle Erlend, dan vanlege Føringsmannen, som Nils hadde visat oss til, var altfor trøytt etter Dagsstrævet i Lauvskogen til at kunna taka paa Ferdi til Natti, men dat hadde inkje me ilt av, for paa dan Maaten fingo me ein av dei likaste Skjotkarar, som eg nokot Sinn hever havt. Mannen, som me etter Raadi hans Erlend vende oss til, var Johans Presthagen, ein fatig Husmann under Prestgarden, endaa han er visst inkje fatig, som hever slike heile og sterke Armar og slik Heilhug, som han Johans. Han hadde just lagt aat Strandi med Lauvfarm, men han trengde inkje lang Umtenking til at taka dan Raadi at vera med oss og inkje lang Stund til at

fara heim og laga seg til helder. Dei ero fulla inkje heilt utan Grunn dei jamne Klagemaal, som ein fær høyra um at Bonden er for seinvoren i Vendingi, for langdrygen med Matmaalet og for treg med Tilbuningen, naar han skal taka paa Ferd. Dat vantar vel ymist paa di, at han er so fullnytten paa Tidi, som han skulde vera, men soleides var dat inkje med honom Johans. Han hadde voret i Marki heile Vika og lauvat sine 200 Lauvkjerve kvar Dag, og dan som kjenner til dat Arbeidet, veit kor dat leitar paa at sitja i Trekollom heile Dagen og halda Kroppen i Jamvegt medan ein skal hogga visst med dan tunge Snidlen. Han veit og, at dat skal vera dan hævaste Kar, som er god til at vinna dat han Johans hadde vunnet: 1000 Kjerve i 5 Dagar. Han kunde vel hava trengt kvila seg, og eg tykte so nær at dat var Urett at lata leg føra av honom, men hans eiget Gladlynde og Heilmod gjorde at eg snart gløymde mitt Varlæte. Daa han etter nokre Minut kom ned aat Strandi atter med dat litle Matknytet sitt, og eg sagde at dat var Synd at leggja nytt Arbeid paa honom og hindra honom i dan Kvild og Svevn, som han saart kunde trenga, svarad han kvikt: „Natti er svalaste og beste Tidi at ro i, og Kvildi kann eg taka paa Sundag." Naar eg bad honom gjeva seg Tid og inkje taka for hardt i, so svarad han: „Me lyt aula dat me kann, dat er lang Veg fram etter Veitastrondi." Daa eg baud

meg til at ro, til Lette fyre honom, svarad han skjemtande: „Du skal inkje bry deg med meg, men berre passa Fiskesnøret ditt du.“ — Eg plagar no jamt hava Fiskegreidor med meg paa Ferdom, baade fyre Hugnaden og fyre di dat er dan lettaste Maaten at faa seg fersk Mat paa. —

Dat er eit myket sermerkt Vatsdrag at fara igjenom fraa Havslo og fram aat Veitastrondi. Naar ein hever rott beint i Vest yver dat vide Havslovatnet med dei blømande Bygder ikring og framum ein stor flat Furemo, so krøkjer Dalføret beint i Nord, og likaso braatt skifter ogso Landslaget. Likaso vidt som dat fyrr var, likaso trongt verd dat no. Gardar ser ein inkje meir likt til, men berre ujamne Lider, Urder og stupbratte Berg paa baade Sidor, og Dalen kniper seg so isaman, samstundes som Vatsfaret verd myket grunt, at Vatsdraget med si store Vatsmengd fraa Jostedalsbreden verd til stride Straumar, som ero hardla hardgnune at ro. Forvitnelegt var dat fyre oss at fara her i Sundom millom smaae skogklædde Holmar, som saag ut som siglande Skogaruster, naar Straumvatnet fossade um fremste Enden. Men jamen fekk han Johans slita. Naar eg meinte at dat leitte for hardt paa honom, svarad han berre: „Ein lyt kirna til ein fær Smør,“ og daa eg vilde hjelpa honom, sagde han med Smil: „Eg tenkjer du treng Holdet ditt, og dan som toler minst, skal vara seg mest.“

Daa me sidstpaa kom til ein Stad, dar Straumen er som stridaste, sette han oss paa Land til at letta Baaten og bad oss ganga etter Strandi, so skulde han taka oss uppatter lenger framme, og darmed sette han ut i stride Straumen atter, lagde seg tung paa Aararne i di han ropad: „Tvi! sagde Mannen, han sat i Androdren.“ Dat var til at kvikna av, at sjaa denne spræke Karen dar han sat og dreiv fram Baaten, so Fossen brakad um Stamnen. „Vil du fram din Leting,“ høyrde eg honom segja, og fram laut han. „Trottigt Verk gjerer Kroppen sterk og Trælar i Loven er inkje laakt Lyte,“ var dei Ordi han sagde, daa han lagde Baaten aat Strandi, medan han turkad Sveiten av Skallen med dan kvitrendutte Blaaluva si.

Framum Straumarne verd dat litet vidare millom Fjelli, og Vatnet verd djupt og stillt, men dat er inkje breidare en at du kann naa med ein Stein fraa Fjøra til Fjøra. Dat var næstan æventyrlegt at fara inn etter denne djupe Fjellveiti i Dimet. Vatnet laag her stavande stillt, naar eg undantek Ringarne etter all Fisken, som heldt paa at vaka i eino. Yver oss blenkte dan skirande blaae Himmel med dei tirande Stjernom, som nede fraa dan tronge Dalen synteſt lysa endaa sterkare; paa alle Sidor høge, myrke Fjell, og so altsaman i Atterskin fraa dat skire, blanke Vatnet. Naar me rodde framum ymse Berghamrar, so gav Dvergmaalet atter Dunen og Sik-

let fraa Elvar og Grøver og daa let dat som Toneleik innan or Fjellet. Inkje Namn til Folkabustad. Dat synteſt meg, som vaaro me komne reint ut or Mannaheimen, og dat skulde inkje hava undrat meg, um einkvar Haugbonden elder Alven hadde stiget fram. Men trulega var dat dat kvike Svallet hans Johans, som heldt deim inne.

Dette nedste Stykket av Stranda-Dalføret gjerer Veitastrendingom myket Bry, men daa meſt um Vetteren fyrr og etter Isen er farande. I lange Tider kunna dei daa vera stengde fraa Utheimen, og mang ei faarleg Ferd verd dat daa gjort yver dan utrygge Isen, som hever eit stygt Ulag her i Straumom. Dat kann henda at Isen kann vera køyrande dan eine Dagen dar dat er opet Vatn dan andre. Folk aka ofta ned i, soleides saago me ein Stad paa ein Hamar ei innhoggi „Kosa", som han Johans kallad dat, som bar Tidend um, at tvo Menner køyrde ned i Isen dar utanfyre med Heſt og Lass og bleiv. Dat meſte Balet hava Folki ved „Soget", som me no naadde fram til. Detta er ei lang og trong Veit, som ser ut som ho skulde vera mint igjenom Berget, som stend bratt enda upp og ned paa baade Sidor. Her syg Vatnet seg igjenom med uhorveleg Magt og Straum, og daa dat inkje er Fotafeſte fyre eit Ikorn etter Strandi og dat dartil er ureint av store Kampsteinar i Faret, er dat inkje farande med Baat kortje upp elder ned. Me høyrde

andre Dagen um ein halvgalen Engelskmann, som var komen um Fjelli fraa Jostedalen i Sumar og som foor nedatter same Vegen som me komo upp, at han plent vilde fara gjenom Soget med Baaten og heldt eit Syndahus med Skjotguten, som han vilde faa til at vera med seg. Guten sagde, at dat var umogolegt og at dat ingen nokot Sinn hadde faret dan Vegen, men dat sidste gjorde Engelskmannen endaa traaare, til dess Guten sagde: „Ja so kann du bitala meg Baaten min daa og i Guds Namn drepa deg aaleine."

Her maatte me, som alle andre, draga Baaten paa Land og ganga høgt upp yver Vatsfaret til dan andre Enden aat Soget og byta Baat, og detta var inkje so lett Arbeid endaa i høgste Nattar-Dimet. Dar Gangstigen laag var dat hardla ulendt og hamrutt og ymist av Baata-Tilfaret hadde me at bera. Johans gav meg eit Aarapar og sagde so: „Musikanten kann hengja paa Oksli denne Myseflaska, for han maa vel inkje bera korkje hardt elder tungt i dei fine Nevarne sine." Han Johans hadde voret so forsynleg at taka ei stor Kolla med seg til at kjøpa seg Mysa paa upp i Fjelldalen. Dat gjekk elles baade stødt og stilt dan ulendte Vegen med vaar litle Nattferd, naar eg undantek, at den tome Syrekollen hans Musikanten som tidaste dunkade imot Berget, naar han skulde bykja ned fraa Hamrarne, og daa let dat som naar ein slær ei Stor-

trumba, men Dvergmaalet gav dan undarlege djupe Klangen atter fraa hi Sida. Dat vil no gjerna fylgja Musik med slike Folk maa vita.

Ovanfyre Soget er dat eigenlege rette Strandavatnet, som er fem Fjordungar langt. Dalen verd vel her nokot vidare, men dat er vel snaudt nog meir en eit Rifleskot yver Vatnet nokon Stad. Dat var framleides ubygt med dei bratte Strondom, men Havslobygdingen hever her vide og gilde Uteslætte og Lauvteigar, og nokre Smaahus er dat bygt her og kvar til Husvære aat Vinnefolket i Onni. Daa me rodde framum, hadde dan kaate Johans sitt Gaman av at vekkja Kjenningar, som han visste var inne paa ymse Stader, og detta gjorde han med at setja i eit øgjelegt Kvin, paa Lag som eg tenkjer meg eit indianskt Herrop. Daretter ropad han eitkvart Namnet, og naar dat so kom fram einkvar og spurde kvat dat var, so svarad han berre: „Dat er inkje Tid at sova no, naar Fagnafolk fara framum," og so log han. Me saago inkje, men høyrde berre at dat stundom murrad sært burte fraa Berget, men stundom svarad dat med Laatt.

Dat var inkje fritt fyre at Svevnen sidstpaa gjorde sine Krav gjeldande, og dan kvike Johans tok og til at geispa. Dat aukad og med Nattsnoen fraa Jostedalsbreden, og naar ein er svevnig, daa frys ein snarare. Me vaaro difyre fegne daa Johans lagde Baaten i Stødi paa Viki, som ligg ei

halv Mil fram i Vatnet og som me hadde etlat oss til Nattstod og Kvilestad til dess Soli rann. Men dat vardt helder vesalt med Kvildi. Folket paa dan litle Garden skal hava Lov, for dei toko vel imot oss og gjorde dat dei kunde. Sonen hans Simon stod upp fraa sin gode Svevn av dan einaste Sengi, som fanst i Stova, og vakte Gjenta i Kamaren, som heilmoda leitad upp reine Sengklæde og stellte dat alt so godt og vel, som ho visste. Men endaa vardt dat hardla smaatt med Svevnen paa Grunn av ymse Smaating i Underbreidsla, som inkje skulde voret og som eg her inkje tarv nemna. Eg undrast berre paa Son hans Simon, som var god til at sova so godt i dat fjølmente Bolet — me hadde lotet hamra duglegt baade paa Dyr og Glas fyrr han vaknad. — Eg vardt difyre inkje uglad daa Johans steig inn um Dyri med dei Ordi: „D'er liti lidande Stundi og Soli skin alt langt ned i Lidi."

Dat var her eit heilt Ordkast millom Johans og Musikanten, som plent vilde hava Koffi fyrr han foor av Stad. Johans heldt djervt paa dat, at dat vilde verda for langt Hefte og han lagde sine Ord so fint og slaaande, at Felagen min laut giva seg, som eg trur av Byrdnad fyre dat framifraa gode Maalet til Motparten. Eg heldt meg „passiv", men nøytte meg imedan og aat av dan framsette Bisken, av dat gode Flatbraudet med tirande gule Fjellsmøret paa og dan sterke Ferskemjølki, som So-

nen hadde voret so snild at henta aat oss ifraa Stødlen, som laag ein drjug Fjordung upp i Fjelli. Etter at Johans her hadde handlat seg Mysa paa Trumba si, toko me avstad. Simon var just heimkomen fraa Stødlen med eit fælande stort Bidne fullt med Mysa paa Ryggen, og dartil ein Smørambar i Handi.

Me tykte dat var ugjerande, daa me sidan saag Stølsvegen, at nokon kunde fara dar med ei slik Byrd. Dat er makalaust likavel kor slæpasamt Fjellbonden kann hava dat; dei skulde sjaa honom i Dagsstarvet sitt, dei som døma honom lat og laak, og dei skulo vel koma paa andre Tankar. Sjaa no her denne litle Huslyden, Fader og Son, Tenestegut og Gjenta, etter 5—6 Timar Svevn risa med Soli og ganga gladlynde til Arbeidet sitt, som er at fara upp og ned etter Brot og Urd med Ljaa og Riva, elder med tunge Høybyrdi paa Ryggen Dag ut og Dag inn i heile Slaatten. Eg tykjer dei ero at høgvyrda, og inkje at svivyrda, so som so mange Vitløysor gjera.

Slættet, som Simon i Dag skulde til, laag eit Stykke fram med Vatnet. Me lagde ut samstundes fraa Stødi og heldt vaar Veg fram, me paa vaar Gamanferd, og dei til sitt tunge Starv. Eg ynskte i mitt Hjarta at Gud maatte signa Arbeidet og vittad so Velfar aat dei snilde, gjestmilde Folki.

Hever du høgste Sumar faret frametter eit

blenkjande Vatn i ein Fjelldal i Solrenningi, so veit du og, kor fin og hugleg ei slik Ferd kann vera. Sjaa Skuggen av Fjellbruni her til vinstre, kor kvast han ritar av kvar Nos og Nipa, kvar Tind og Koll burt etter Lidi, som til Helvti er skygd, medan dat glitrande Skinet av Morgonsoli leikar lenger upp aa Heider og Snjofenner. Elvarkallen hoppar so kipen upp og ned etter Elvarbarden og fløyter; Fjørepisten flagsar etter Fjøra og dillar so glad med Sterten, og alle Fuglar syngja sin Morgonsong upp i Skog og Ruster. Vatsspegelen giv heile Landskapen atter, alt til dan minste Soleia ned ved Strandi, undanteket dar Skardljoset fraa eitkvart djupt Skard sender ein kvitblank Kile burtetter Vatsflata, som gjerer dat lange, smale Vatnet endaa meir skiftande. Folki ganga alt i Annsemd med Arbeidet sitt upp etter Slaatteteigarne, og dat kvike, morgonfriske Svallet deira set Liv i honom Johans. Sosnart dan gode Røysti hans kann naa fram, sender han jamt eit Skjemtar-Ord upp til Vinnefolket og daa helst til Gjentom, som Skalken godt kann gartast med, endaa han hever fenget dan han hadde huglagt. No ropar han: „Vara deg fyre Klungren, Birta, at du inkje kjem til at rispa dan fine Leggen din!" No segjer han til ein Slaattegut, som hever rett seg upp og ser upp i Etti: „Dat er likt til at verda godt Stødlsveder i Kveld, Halvard, elder trur du inkje ho Ragnhild paa Bergset tenkjer paa dat same?" Og no atter til

ei Gjenta, som stend i Annsemd med at hesja: „Ver inkje so annsam, Gjenta, og snu inkje Ryggen til Folk, her skal du sjaa friske Gutar koma sigande.“ — Dat var inkje fritt, at me tvo Felagar just hadde dubbat litet med Hovudet, paa Grunn av dan svevnlause Natti. — Laatt og Glis fær han jamt til Svar og so desse Ordi: „Dat er uvandt at høyra kven som fer fram etter Strandavatnet i Dag.“

Naar ein er framum Viki komen, daa er dat inkje lenger so ubygt i Dalføret, men naar ein undantek Garden Kvam paa øystre Sida, som synest vera ein gild Gard, so ser dat ut til at vera myket ulendte og tungvinte Gardar. Upp aa vinstre Sida, beint imot Viki, ser ein Tunet og sumt av Aakrar og Bøen paa Yngsdalen, ein Gard, som ligg myket vænt i Mynnet paa eit Dalføre, som skjer seg beint i Vest til Sogndalsdalen. Eg nemner detta, um einkvar, som les desse Ferdaminni, skulde koma til Veitastrondi og faa Hug til at taka dan Leidi, som skal vera myket lettare en dan Ferdi me gjorde. Ein kjem daa ned ved dat fagre, tettbygde Dalavatnet i Sogndal, ved ein Gard som heiter Svedalen. Paa denne Vegen raakar ein og paa ymse Fjell-Stødlar, som me darimot inkje gjorde paa vaar Leid. Og dat er inkje til liten Hugnad og Helsebot paa ei lang og strævall Fjellferd, at koma til ein Stødl, dar du kann faa drikka deg utyrst paa dan styrkjande Mjølki elder kann henda faa deg ein god Rjomagraut framboret

av eit vinlegt og gjestmildt Kvende. Eg veit at dat hever voret med dei koselegaste Stunder, som eg soleides kann hava havt upp i Seli paa Fjellom, som med all si Naudsfengd og Trengd kunna vera so hyggelege fyre ein trøytt og svolten og tyrst Ferdamannn. Lat lenge nog sume fine og kloke Folk kalla dat „Affectation" og Synkverving, eg vil likavel bidja, at eg aldri maatte verda so stinn i Limerne mine, at eg inkje kunde kravla meg upp aat eitkvart Selet ein Sumardag. Dat el ei frisk Hugsyn, og Tankalivet ditt fær liksom eit sant og stødt Fotafeste heruppe i dat naturlege Livet. Du kviler deg ut baade paa Saal og Likam, og dat legg seg ein Fred og Ro i Hugen din, som er myket vandare at finna ute i Mannaheimsens store Kulturtuva. At sitja paa ein Stein midt inne i Bølingen og svalla med Gjenta, som sit og mjolkar, dat er heilt onnorleides realt elder stødt og greidt en at „conversere" ei fin Dame i mjuke Ruggestolen, og just av di dat er so realt, er dat ogso meir poetisk. Du kann faa læra myken naturleg Visdom paa denne Maaten og so slepp du faa høyra nokot Vas. Paa same Maaten hever dat seg med alt dat ein ser og høyrer heruppe. Dei gilde Fjelli ero so trauste og paalitande at kvila sitt Auga paa. Livet hjaa Naut og Smalar og hjaa dan kloke, fotstøde Geiti er so sant og friskt, at dat er hugsvalande at sjaa. Men kvar sin Hug. Dat er inkje min Meining at telja Folk til at fara til

Fjells og læra Visdom hjaa Geit og Budeior. Dat vilde sjaa galet ut upp aa Stødlom, um alle skulde faa same Hug som eg. Dat verd fulla snart nog av rekande, som vilja fara kringum Fjelli og hefta Gjentorna i Arbeidet deira.

Men lat meg inkje gløyma fortelja, at me sidstpaa naadde fram til Vatsenden og at han Johans lende Baaten attved Nausti paa Garden Nes. Dat var greidt at sjaa, at me no vaaro i ei Bygd langt utanfyre Aalmannvegen. Alle Husi vaaro ulæste og me foro inn dan eine Stova og ut dan andre og leitade i Maafaa etter Folk, som dat inkje fanst paa dan store Garden. Dei vaaro allesaman aat Marki i Høyvinna og her stod dat alt opet, so som dei hadde gjenget ifraa dat etter Fyrebisken. Matleivingarne stod endaa paa Bordi. Dei vaaro urædde fyre Tjov og Fant her var dat likt til. Sidstpaa fekk me Auga paa tvo Smaagutar, som sat ned med Strandi og fiskad. Hadde me inkje havt honom Johans med oss, som dei kjende, kunde dat maa henda hava gjenget oss som dat ein Gong gjorde med meg og eit Par andre i Jostedalen, daa me skulde søkja um Rettleiding paa rette Vegen. Me komo daa som no aat eit folkatomt Tun, men so fekk me sjaa ein Gut, som kom fraa Elvi med ei Vatsferd. Aldri so snøgt vardt han var med, at me stemnde imot honom, fyrr han slengde Vatssele og Byttapar, so dei trillad aat Elvi, og sprang til

Fjells. Dat vardt eit heilt Jag av dan eine Felagen min etter Guten, som sjølvsagt, daa han sidstpaa naadde honom, gav rang Rettleiding, hugsprengd som han var. Men hjaa desse fiskande Gutarne, som saato kyrre og berre bisnade paa Framandfolket, fingo me god Greida og dei gav oss dan Tidend, at han Sølfest og Eirik Heggjastad i Dag hadde etlat seg til Mundals Kyrkja i Fjerland. Fegne leitad me upp Stova hans Sølfest, som laag nokre Hundrad Steg fraa Lendingi. Dat var sjølvsagt, at han Sølfest, som just hadde byrjat bua seg til Ferdi, inkje hadde imot, at me fingo slaa Lag med honom. Gilde og glade vordo me, og „dat stend inkje paa, naar Lukka leitar etter Mannen," meinte Johans.

Medan han Sølfest budde seg til, nøytte Felagen min seg og fekk koka dan Koffien, som Johans hadde meinkat honom paa Morgonstundi. Han laut sjodast i ei Gryta, for Kjetelen var paa Stødlen, men godt smakte han oss alle for som var attaat Maaltidi, som me her hadde. Me gjorde liksom eit litet Farvel-Lag fyre honom Johans, som me baade tvo hadde huglagt. Han sat i Bordsenden med oss og sannlega var han vel verd at sitja i Høgsætet, so hævt og hugheilt som han hadde følt oss fram og slik gamansam og tekkjeleg Felage, som han hadde voret oss. Dan snilde Kona til Sølfest gjekk og saag oss til godes med at setja fram dat ho hadde, Johans kom som tidaste med sine kvike Skjemtar-Ord, Felagen

min var i dat beste Lyndet no han sat med Svartedropen sin framfyre seg og sjølv hadde eg dan beste Mathug, so du kann tru dat var eit gildt og uppmodande Lag, me hadde i dan litle Stova hans Sølfest. Men all Gaman her paa Jordi skal no hava ein Ende. Han Johans lyt fara sin Veg og me vaar. Dat var helder dauvlegt at taka Farvel med denne friske, endeframme Fylgjesveinen vaar, som ogso synteſt hava Gaman av at vera i Lag med oss. Han var so takksam og glad fyre dei tri Ort han fekk fyre Natt- og Dagsstrævet sitt, at han gjorde meg skamfull. Heppen dan som kann hava so smaalaatne Krav til Livet og vera so glad og velnøgd. Han tykte dat var so stor Bitaling han fekk, at han plent vilde, at eg skulde taka atter elleve Skilling, som eg hadde lagt ut fyre Mysa hans paa Viki. „God Løn gjerer hage Hender," sagde han, daa han takkad, og med eit traust Handtak og eit varmt Lukka paa Ferdi drog han til Baats. Eg laut upp aa Haugen og sjaa etter denne Karlen av dat rette norske Toet. Detta hadde voret godt Emne, tenkte eg, til at gjera nokot stort av med god heimeleg Upplysning, og av slike Emne hava me Gud skje Lov mange endaa.

Fraa Nes og frametter er Dalføret so flatt, at Strendingarne køyra med Kjerra eit drjugt Stykke framigjenom, endaa dei inkje hava lagt nokot vidare Arbeid paa Vegen. Fyre dan, som skal taka ei lang Fjellferd, er dat myket laglegt at byrja si Gonga

paa flat Veg. Limerne verda paa dan Visi maate-lega mjukvorne og liduge, so at dat inkje leitar so hardt paa, naar du skal taka paa Bratta, som dat annars vilde gjera. Han Sølfest sprang av Stad til Stova hans Eirik Heggjastad, som laag ein god Mole utum Vegen, til at segja fraa, at no bar dat i Vegen med dan litle Flokken. Imedan drogo me tvo Felagar styrkte paa Likamen og heile i Hugen frametter so smaatt, syngjande paa „Dei vil alltid klaga og kyta", denne friske, uppmodande Songen, som hever funnet slik medlaatande Songbotn i Folkahugen, at ein fær høyra honom no kvar ein fer fraa Fjell og til Fjøra heile Landet i kringum. Kjende berre Folket rett til Kvædi aat dan fræge Folkaskalden, som hever gjort denne Visa, daa skulde dat fulla ganga likaeins med Mesteparten av dei fagre og kavande norske Visorna hans. Men dat gjera dei inkje. Kolportørar og andre, som gjeva seg av med at breida ut Folkalester, dei hava korkje Kjendskap til elder Samhug med norsk Skaldskap, og so bera dei dat mest uhøvelege og laakaste Visakram ut yver Landsbygderna. Dat norske Folk er glad i Visor og naar dei sjaa Versformi, offra dei sine tvo Skilling og freista nokre Dagar med at hulla paa slikt som „en Jæger gik at jage" og „i Strasburg der boed en Adelsmand saa rig" elder „jeg længes saa gruelig min sødeste Pige" og annat urimelegt Skrap; men dan friske, norske Folkahaatten kann til

all-Lukka inkje melta dat, og so døyr dat snøgt burt atter som vel er. Onnorleides vilde dat vera med slike Songar som Songen hans Ivar Aasen. At Songarne hans ero so litet kjende maa me elles ogso skulda honom sjølv litetvetta fyre, for hans litle Visebok „Symra" hever inkje voret at faa kjøpt paa nokre Aar og han skulde hava voret so snild longo sidan at koma med dat nye Upplaget som mange lengtad so etter i lang Tid.

Daa Sølfest og Eirik kom til oss, skilde dei oss med Skrepporna vaare, som alltid vil meinka nokot paa dan, som er litet van med at bera, medan dei tvo Fjellbønderne visst inkje kjende til deim, av di dei vaaro vane med at bera tunge Byrder paa dei mest ulendte Vegjer. Han Eirik fortalde meg seinare, at han ein Gong med ei halv Tunna Korn paa Ryggen hadde myrknat ute paa dan Vegen, som me no skulde fara. Han var i Lag med eit Kvende dan Gongen, som ogsaa bar ei skapleg Byrd i ei Meis paa Ryggen, og daa Myrkret kom, laut han Eirik ogso taka Byrdi hennar paa seg. Han bar paa dan Visi paa Lag sine femtan Bismarpund, men at han kom fram denne Vegen soleides lesst, dat var til at bisnast yver. Endaa naar eg saag paa Herdarne hans, paa dat støde Gangelaget og paa dat sterke Draget i Andlitet, so tenkte eg, at skulde nokon gjera eit slikt Karlsstykke, daa maatte dat vera han. Dat var rett ein staut Fjellbonde

og eg kjende meg rett hugheil i Samlag med honom. Han Sølfest var ogso ein stød Kar, men hadde likasom eit veikare Drag um Munnen og inkje so fast og hugheilt Augnalag. Han gjekk i Blaaluva, som synest høva honom betre med dan spakare Liten, medan dan lysande Raudluva sat so snyrtet paa dan hugsterke Eirik og synest høva so godt til dei myrkblaae Augo hans med dat faste Augnalaget. Baade vaaro dei helder faamælte, og undanteket dei vanlege Spursmaal um kvar me vaaro ifraa og kvat Bestyring me hadde og kvat me etlade her upp i Avdalom, talade dei sjeldan uspurde til oss. Men paa Spurdagar fingo me jamt greide, um og helder stutte Svar.

Daa me vaaro komne ein knapp halv Fjordung fram, møtte me eit Gjentalag, som kom fraa Høying ei Mil fram i Langedalen, dar dei hadde voret heile Vika. Ei av Gjentom, Marta Heggjastad, fekk Hug til at vera med til Kyrkja, og daa Felagarne vaare gav henne dan Lovnaden, at me skulde bida paa „Stødlen“ — dan sidste Husmannsplassen — so sprang dan arme Gjenta paa Augnablinken heim til Heggjastad, til at bua seg til. Var dat dan rette Lengsel etter Gudsordet, so som eg inkje kann tvila paa hjaa denne aalvorsame og stille og sedsame Gjenta, daa var dat vel til at høgvyrda, at ho, som laut vera uttrøytt etter Vyrka og etter at hava gjenget ei Mil same Dagen, vilde taka paa dan stride og lange Vegen.

Innan um Garden Neset, som ligg ein Fjordung innan fyre dat andre Nes, som laag ved Vatsenden, kløyver Dalen seg i tvau Dalføre, Langedalen og Snaudedalen. Dat kjem Bredar ned fraa Storbreden i baade desse Dalføre, og serlega skal Breden i Langedalen vera hardla storslegen og forvitneleg. Dessverre komo me denne Gongen berre til at faa sjaa Langedalsbreden til Helvti og ei heil Mil burte, med di dat skutte ei Fjellid fram fraa vinstre Dalsida, som skar av Utsyni innetter Dalen, men dat var alt ei gjæveleg Syn at sjaa dan veldugе Jokulen velta seg ned med dan blaae Isen ovan or dat blenkjande Snjostaalet. Dat kunde fulla voret Bryet verdt, naar me hadde havt Tid, at ganga inn i Langedalsbotnen og seet Breden i Nærleiken. Vegen didt skal vera lett og forvitneleg og ganga igjenom sjeldsynt store, flate og blømande Uteslætte. Me hadde til dessa gjenget paa øystre Sida av Vatsdraget, men ovan um Neset krøkte Vegen vaar beint i Vest og me krossad Elvi, som her uppe so nær innunder Bredarne flaumar kvit og tjukk næstan som eit Mjølkasupand. Dagen var hardla heit, so dat var godt at standa her paa Brui ei Stund og sjaa paa dei dansande Bylgjor og svala seg i dan kalde Elvarsnoen, som jamt i slike Dagar ber ut etter Dalen so sterk som ein maateleg Siglebyr. Fraa Brui brattnad Vegen vaar duglegt, Soli stod beint imot Bakken og Sveiten tok til at sila godt, daa me gingo

midt i verste Solmeien. Me naadde daa snart Stødlen, dan Plassen som me skulde bida etter henne Marta paa. Her beid dat helder inkje Folk heima og me gingo inn og ut um alle Dyrar, men dessverre var dat ei Dyr, som attlæst var og dat var Stadbuddyri. Tyrste som me vaaro, leitad me etter Lykelen i alle Tøler, men i Maafaa. Dat var dan einaste Staden paa denne Sida av Skardet, som me hadde Von um at finna Mjølk paa, men me laut ganga darifraa med turr Tunga. Dat er visst, at dat er ein stor Vant paa denne Vegen, som elles er so forvitneleg, at ein inkje hever annat en kalde Snjovatnet at læska seg paa. Daa me hadde setet her ei Stund, toko me dan Raadi helder at ganga upp aa høgaste Riset, dar me kunde vitta ned naar ho Marta kom, og bida paa henne dar, medan me kvilde oss ut etter dan stride Uppstigning, som me saag dat var. Dat er vel framifraa godt, naar du etter ei slik hard Fjellgonga kann faa kasta deg paa mjuke Svorden i dat høge angande Graset, millom Torylma og Einstabbe og andre Blomar, som paa Fjellom hever slik fraudig Vokster og friskare Lit en ned i dei djupe Dalar. Fraa dan litle leikande Elvi, som tett ved bykste fraa Stup til Stup nedetter dan bratte Lidi, kom dat svalande Sno og stundom eit fint Gov, som likso vætte dan turre Tunga og slekte Torsten. Eg kann ofta i slike Stunder kjenna meg so glad og kaat, at eg var fegen eg kunde ropa

dat ut yver all Heimen, dat er liksom Saali vilde fara utor Hamen og hevja seg yver Fjell og Firne. I mi Kjæta, so hadde eg mitt Gaman av at plukka Blomen av Fillestakken og Kumar av Dvergbjørki og kasta beint i Andlitet paa Felagen min, som hadde lagt seg vidopen i Graset nedanfyre. Han laag so freistande med Uppsynet til Himmels. Dat var inkje meir so han likad paa Spasen, for han var no komen i eit meir høgtidlegt Huglag yver dan kostelege Utsyni fram i Snaudedalen, aat dei drustelege Fjelli beint imot og ut etter Veitastrondi, med dat lange, smale ljosgrøne Vatnet lengst nede. Men sidstpaa laut han skratta og vera med i Leiken, og no bar dat i med eit heilt Siregn av Blom og Gras og Kumar. Ja dat er undarlegt kor uppkveikjande Fjellufti kann verka, ein yngjest uppatter og verd so lettliva, at ein kjenner liksom Gutar-Haatten koma yver seg aa nyo. Dat var ogso ein med dei vænaste Dagar me hadde i all Sumar. Dat var dan 3. August, daa Gradastokken ned med Sjoen synte 24° i Skuggen og daa er dat vel lett og svalande og helsesamt paa Fjellet skulde eg tru. Sjølve dei tvo faamælte Felagarne vaare toko til at kvikna i Svallet og mangt eit Skjemtar-Ord flaug dat Manna millom uppe i dat litle Ferdalaget i Graset. Me hadde so nær gløymt at sjaa ut etter henne Marta. Me hadde seet henne ei Stund fyrr som eit Fjom koma fjukande nede paa Vegen, men so miste me henne under Riset

dar Stødlen laag. Utan at me hadde gaatt til dat, hadde ho voret inne paa Stødlen og leitat i alle Husi etter oss. Han Eirik fekk daa ved eit Tilfelle Auga paa henne og daa stod dan stakars Gjenta raadvill og modlaus og vilde just venda heimatter, daa me alle som ein reis upp og gav oss til at hua og vitta med Lumeduken som mest me vaaro gode til. Og daa vardt ho var oss og sette i Vegen atter og etter utruleg stutt Tid sat ho i Graset attved Sida av Musikanten. Ho laut no kvila seg ho med, og ho kunde fulla mest av alle trenga Kvildi, alt dat eg inkje høyrde henne klaga seg med eit Ord paa heile Vegen. Dat varde inkje lenge fyrr dat bar i Vegen med oss frametter Kaldedalen, som svarar godt til Namnet sitt. Dat fyrste Stykket gjekk dat no igjenom høgt Fjellgras og Kvanna, som naadde oss heilt til Mjødmarne. Dat var sjølvsagt at me skulde smaka paa Kvanna og snøgt saag du alle fem ganga tyggjande paa kvar sin Aul, som andre Bjørnar.*) Hadde Bjørnen seet oss, kunde dat gjenget med oss som dat gjekk med ein liten Gut ut paa Systrond i Fjor Sumar, som vardt dengd av ein Bjørn, fyre di han inkje vilde lata vera at pitla Myrbær i ei Moltemyr paa Fjellet darute. Dat

*) Aul kallar Sogningen dei Stykke av Kvannestylken, som hava Blom i seg, og som ero heilt velsmakande og nøka so godt naar Yta er fraaflakt. Kvanna er Bjørnen sin beste Mat, er dat sagt.

skulde elles hava høvt godt til, tykte eg, at møta ein Bamse heruppe i dan storskorne Høgfjelldalen. Etter som eg sidan høyrde av ein Landmetar, var dat helder inkje faatt um Bjørnar paa Fjelli her i Nærleiken, han hadde i ei Vika i Sogndalsavdalarne seet fem Stykke — tvo Bjørnkallar og ei Birna med tvo Hunar elder Ungar. — Men me fingo eta vaar Aul i Fred, og dat kom ingen og meinkad korkje meg elder Musikanten i vaar Riddarskap mot Marta, i di at me skar Kvanna og flakte Aul og baud henne. Me vilde so gjerna hava henne til at tala, for dat væne Landsmaalet er no allra fagraste i Kvendemunnen maa vita, og difyre gjorde me oss so fine som me kunde og baud henne Handi yver Grøver og Elvar, men etter alle Freistnadar saag ho berre paa oss med dei djupe, blaae Augo sine og tagde seg.

Etter kvart som me komo frametter Dalen, vardt han meir og meir forvitneleg. Blaagrøne Joklar valt ut yver baade Bergtrømer, fraa Storbreden paa høgre Sida og fraa ein mindre Brede paa vinstre. Paa høgre Sida tett innanfyre Tromen skaut dat upp or Jokulen ein framifraa staut og stormannsleg Nut, paa Skap som ein kvass Stakk og som Eirik nemnde Kalda-Kari. Sidstpaa gingo me i berre Snjo, som fylde heile Dalsbotnen. Dalen var her so trong, at dat var avsølt til langt upp aa nørdre Fjellsida og ein skjerande Kaldsno stod dat imot oss. Dat var rett ein fælsleg Jotunheim herinne. Me

vabbad tagalle i Snjoen og dat leitad hardt paa Kneom at koma upp Skardet, so hardt at Musikanten sagde til meg, at „dat skulde vera sidste Gongen eg skulde faa honom med meg i Høgfjelli," — so som han hever sagt so ofta fyrr. Men daa me so komo upp i høgaste Skardet, gløymde me snart Vaas og Møda. Dar laag framfyre oss heile dan tronge Suphelledalen med Vetlebreden og dan forvitnelege Suphellebreden paa høgre Sida, med dei alpeformade Fjerlandsfjelli og Bygdi og Fjorden lengst ute, med dat store Snjohavet kringum paa alle Kantar med digre Fjell stingande uppor likasom Ryggen elder Hovudet av symjande Udyr, og altsaman i dat mest glitrande Ljos av Ettermiddagssoli. Dat kann inkje gjevast atter med Pen, dat maa sjaaast. Dat var berre han Eirik, som hadde voret her fyrr, og han stod og smilte glad ved at sjaa paa oss andre og vaar høgtidlege Undring. Sannlega, dat var ei av dei mest ugløymande Stunder i mitt Ferdaliv. Eg kom i Hug Salmistens Ord: „Lov Herren mi Saal; Herre, min Gud, du er hardla stor, du hever iklædt deg Storvyrde og Æreglans."

Fjerland.

Ugløymande vil dat forvitnelege Veitastrondskardet vera meg med dan kostelege Utsyni aat tvo Kantar. Etter at me hadde snutt oss i Tunn i Tunn fleire

Vendor og seet oss mette paa dan kostelege Landskapen og nikkat Velfar aat dan drustelege Kaldakari, leitad me oss ein væn Kvilestad i ei liti saftgrøn og logn Skor paa vinstre Fjellsida. Her i dat fraudige Fjellgraset, midt i dei milde Straalar av Ettermiddagssoli var dat fulla godt at kvila attpaa dan mødesame Gonga i Snjo og Kaldsno. Her laut Nista fram or Skreppor og Matknyte og dan litle Ferdaflaska med Trondheimar drog fram fagnadsame Smil yver heile Ferdalaget, jamvel ogso hjaa dan aalvorlege Marta. Me skifte truget vaare Retter, som i Vissa inkje vaaro konunglege, men som trulega smakte oss vel so godt som nokon Mann Maten ved Kongsbordet. Røyktelaks, som ingen av dei tri Felagarne vaare korkje hadde seet elder smakt, bytte eg burt imot nokre fine, framifraa velsmakande Fløyteleivar, som likna Byfolksens „Godraad“, og Felagen min gjorde Byte med henne Marta med Finstumpen sin mot eit Stykke god Geitost, som smakte honom so godt, at han byrjade røda um, at han hadde Hug at leggja seg paa Geita-Al. Etter dat huglege Gjestebodet laut Piporna fram, men heile Tidi gjekk Samtalen kvikt fraa alle i dat glade Laget, so nær som at Marta framleides tagde seg; ho berre lydde paa og saag fraa dan eine til dan andre med dei djupe kloke Augo sine. Men at ho ogso likad seg, var vandalaust at sjaa og høyra,

naar ho ein Gong attimillom laut smaaskratta aat dat skjemtelege Ordalaget hans Eirik.

Men største Fysna fær snaraste Enden. Piporna vordo utrøykte, Skrepporna aatspende, Ferdaflaska tilkorkad, og etter at eg hadde skoret Namnet mitt paa ein Spile, som hadde voret i Laksreimen, og sett honom i ei Skora i Fjellveggen, dar han trulega endaa stend, reis me upp og stodo bune med Stav i Hand til at leggja i Vegen nedetter dan bratte Breden. Me kunde inkje sjaa langt fram fyre oss, korleides Breden var skapt, men fyrste Stykket var inkje ovbratt og difyre lagde han Eirik Vegvisaren vaar i Vegen springande, med di han vilde taka Tilsprang til at skrida nedetter Breden, so som han hadde voret van at gjera paa sine tidlegare Ferder. Me andre lagad oss og til at gjera so som han gjorde, og me hadde alt sprunget nokre Steg hvande lik andre skridande Smaagutar, daa me fekk sjaa honom Eirik midt i Floget sitt med eitt kasta seg attlengjes, snu seg liksom Katten i Skinnet og triva seg Tak med Hender og Føter so godt han kunde i Snjoen. Me stadnad so snøgt som me vaaro gode til, medan Eirik, som heppelega nog hadde fenget stadga seg i Framskotet, kom kravlande uppetter paa alle fjore dat snøggaste han vann, med Otten maalad i kvart dat Andlitsdrag. „Detta var Gud at takka, at dat inkje gjekk verre," sagde han, daa han

hadde naatt upp til oss, „so bratt hever Breden aldri voret i mi Tid."

Dar stodo me midt i Snjoen og saago helder hugfallne paa kvarandre, me som Augnablinken fyreaat hadde voret so kaate og hugheile. Eg saag ikring um paa dat store og utmerkte Landslaget, og sjeldan elder aldri hever dat talat so undarlegt høgtidlegt til meg. Dei bleike, tagalle Felagarne mine syntest meg so ørsmaae og hjelplause og sjølv kjende eg meg liksom mindre en dat minste Krek. Dat er godt og gagnlegt paa denne Visi at minnast um si eigi Vesold og Smaaleike. Dat er godt naar Saalar-Augat kjem til at opnast, so at me av dat skapte kunna læra at gjeva Skaparen Æra og bøygja oss i Dufti med vaar Heilhug og vaar Stoling paa oss sjølve. Vaart fagre, skiftande og storskorne Land skulde me ogso difyre gjerna ferdast i og elska so myket høgre, med di dat talar til oss paa so ymse Maatar, med di dat er likasom ei uppslegi Bok med Skrift fraa Herrens eigi Hand, som talar til oss snart som ein blid Salme um hans Kjærleike og Miskunn, snart som eit agande Tonedikt um hans Allmagt og Endeløysa. Dat er dei, som inkje kunna skyna korleides ein kann hava Hug til at reka kringum Fjelli og asa seg ut fyre ingen Ting, som dei segja, og som jamvel gjeva Slengjeord um at dat er ein tilgjord Samhug, Faafengd elder sovoret hjaa dan traattuge Ferdamannen, som gjerna vil lesa i Naturi si Bok,

men dat er uvandt at sjaa kven som i dette Stykket hever dan beste og saunaste Syn paa Livet og største Vinningen, anten han, som møder seg, elder han, som tek dat maklegt og ingen Ting kann sjaa i dan store Boki til Skaparen. Eg vil no inkje byta burt dat, som dan givmilde Naturboki alltid giv meg, mot dat som slike Folk hava huglagt.

Men dat var inkje Stunder til stor Grunding dar i Vandamaalet midt i Snjoen. Me maatte sjølvsagt taka ei Raad, som kunde føra oss ut or Uføret. Etter som Eirik sagde, maatte Breden i dei sidste tvau Aar hava aukat munarlegt i Skardet, og kann henda var dat braadnat elder siget ned nokot av dan nedste Deildi, som fyllte upp ned i Dalsbotnen. Kor som var, so var han no øvst i næstan so bratt som ein Vegg og inkje gangande paa nokor Vis. „Me faa freista etter vinstre Tromen innaat Fjellveggen,“ meinte Eirik. Han so i Fyrevegen og me baketter meir krjupande en gangande. Millom Breden og Fjellveggen var dat som vanlegt eit opet Rom, og medan han Eirik stod og gav oss ei Hand, til dess at me kunde koma ned fraa Snjotromen og faa oss Fotafeste, foor Sølfest kravlande i Fyrevegen, men med eitt vardt han standande i Raadløysa og ropade upp: „Her ser rett inkje fjelgt ut.“ Felagen min, som endaa stod paa Tromen, meinte at han inkje torde vaaga seg til, og Enden paa dan fyrste Freistnaden var at me laut krjupa uppatter same

Leidi, til at leita ei betre Raad. Eirik og eg gingo baade burt aat høgre Sida, til at njosna etter forleides dar saag ut. Han heldt seg varlegt krjupande paa Tromen av Breden, men daa han fann dat uframkomande, foor han atter yver til hi Sida og fekk Musikanten med seg til at freista paa nytt Lag, medan eg kravlad meg fram etter nokre Skoror, til at vissa meg betre um kor dat saag ut nedetter. Dat bar so stupande bratt ned her, at ein fulla laut vera fjellvan til inkje at svimra, naar ein saag fram. At ganga ned paa denne Sida var i Vissa inkje at koma i Hug. Du skal vita, at alt dat me hadde stiget upp i dei tvo Dagarne, dat gjekk no ned her med ein Gong, for Suphelledalsføret, som var nedunder, er godt som flatt herifraa Breden og til Fjorden. Dat er no vel meir en 2000 Fot upp i Skardet, og um inkje Breden var, vilde her visst i alle Tilfelle vera uframkjømt. Medan eg sat dar i ei Skora og njosnad, hadde dei andre naatt fram til same Staden som fyrre Gongen, og daa han Eirik stadnad dar eit Bil som i Raadløysa, vardt Vinen min heilt vanhugad og kraup uppatter same Vegen andre Gongen. Eg kunde inkje annat en smila med meg sjølv, daa eg saag honom so annsam paa alle fjore krjupande med Regnhatten i dan eine Handi og dragande Frakkeskautet etter seg i Snjoen, inkje ulik eitkvart Bergtrollet, som flydde fyre Mannamaal. Daa han var komen upp aat dan gamle

Staden atter, ropad han paa Skreppa si og at han vilde snu heimatter, men Sølfest som bar Skreppa hans, var ingen Stad at sjaa. Dat var ei Stund av dat mest sutløgne (tradikomisk) Slaget, som eg hever voret med i. Eirik saag eg berre dat raud-huvade Hovudet av, dar han stod millom Breden og Berget og inkje visste kvat han skulde taka til. Marta saag eg berre i Haaret og dei raude Rogga-bandi. Ho stod tett attanfyre Eirik og heldt seg i Berget og dar hadde ho stadet fraa fyrste Stundi utan at mæla eit Ord. Eg sat dar eg sat i Raad-løysa, men Musikanten stod framleides og ropad paa Skreppa si midt paa Breden. Imedan fekk eg Auga paa honom Sølfest langt nede, dar Breden tok til at slettna av. Han var, som han sidan sagde, vorden so forsuppa, at han litet visste kvat han hadde gjort, men ned hadde han kravlat seg og heilskinna var han nedkomen. Felagen min fekk daa strakst Modet sitt atter og kravlad fyre tridje Gongen ned aat vinstre Bergsida og eg i Lag med honom. No vardt Laget skipat soleides, at eg skulde ganga fyrst, so Vinen min, so Eirik tett baketter og sidstpaa Marta. Eirik og eg skulde likson vera Studningsmenner aat dei andre. Men dat var ei undarleg Framferd kann du tru. Me gingo paa Lag som Sotaren i Skorstei-nen, med vinstre Fot og Hand i Berget og høgre i Breden, som me laut støyta Hol i fyre kvart Steg. Hadde inkje dette Romet voret, som Soli hadde brædt

millom Breden og Fjellveggen, so hadde dat voret umogolegt at koma fram. Dat var kalde Tak, som me laut taka med høgre Handi, men elles leitad dat so hardt paa, at Sveiten flaumad, for Soli skein daa beint i Skardet og inkje var dat nokor Kvild i at standa still helder. Dat var annat Slag fyre Musikanten sine fine Nevar, en at sitja heima og leika paa Spelet sitt. Sidstpaa var han so trøytt, at han kom med dan Raadi, at me skulde ganga ut paa Breden, som her var ein Grand mindre bratt. Eg sette meg imot, for Breden var hard, og bar dat laust, so galdt dat um Livet; men daa denne Vinen min kann vera myket sjølvraaden og han attaat fekk Eirik til at halda med seg, so bar dat ut paa med deim tvo, Eirik fyre og han etter. Musikanten, som trulega alt var dovnad i Føterne av dan mødesame Gonga og dartil tunnstyvlad, hadde myket Bal med at hogga seg Fotafeste i Breden og — dat rys endaa i meg ved Tanken — dar glapp dat fyre honom og nedetter foor han siglande paa Baket, fljotare og fljotare, alt dat han strikad baade med Hender og Føter. Ho Marta gav eit litet Kvin, men eg skreik „dar fær han" og slengde meg so ut med Yverkroppen til at freista um eg kunde naa honom, men i Maasaa. Daa ropad Eirik, som stod lenger nede, „ver inkje rædd," og treiv med dat same i dan utrette Handi til Felagen min, som alt hadde slikt Framskot i seg, at han svingad i Tunn, daa

Eirik treiv honom, so at Føterne komo upp og Hovudet ned. „Eg stend stødt eg skal du sjaa," sagde Eirik, og vel var dat, for annars kunde dei hava sleget kvarandre i Hel, um dei baade vaaro komne paa Rap nedetter dan lange, harde Breden. Dat var eit glupt og djervt Verk av honom Eirik, som godt visste kvat dat hadde paa seg, um Føterne hans skulde gleppa; dat var greidt at sjaa, at han liksom bar oss paa Samvitet sitt heile Tidi, for han slapp oss aldri or Syni, solenge som me foor og grov dar upp i dan faarlege Ulenda. Ja slike Førarar ero gilde at hava med seg.

Etter dat ufjelge Rapet lydde Musikanten paa Kravet mitt um inkje at halda seg paa Breden, og daa han hadde fenget kvila seg ein Grand dar han laag vidopen studd til Eirik, kraup han inn atter i Lag med honom, og no heldt me paa nytt fram vaar undarlege Skorsteins Veg paa same Visi endaa eit godt Stykke, til dess Breden slettnad so av, at me hugheile kunde vaaga oss ut paa honom. Men daa bar dat lystelegt paa Skreid med oss alle fjore, eg i Brodden, Musikanten Arm i Arm med honom Eirik og dan faamælte Marta i Enden. Umfram Rædselkvinet fyre Musikanten, hadde ho inkje gjevet ein Knyst ifraa seg, alt fraa me saato med Matmaalet upp i Skori. Eg tenkte ofta paa Vegen nedetter Skorsteinen: Kor tru dat gjeng med Marta Stakar? Men ein kunde inkje vel sjaa etter dan krav-

lande Gjenta beint upp yver Hovudet sitt helder maa vita, og so laut ein lata henne tulla med seg sjølv og ned kom ho likaso godt som me andre. Dust hadde ho paa Stakken, som me paa Klædom, og skitne Hender hadde me alle, men ho hadde dei finaste Rosor paa Vangjom og dan mildaste og reinaste Smil um Munnen daa me heile og haldne stadnad nedunder Vetlebreden og starad upp paa dan avbaklege Vegen, som me hadde faret og som i minsto hadde kostat Felagen min uppslitne Fingrar, — som han minst kann onvera, — um inkje dan trauste Eirik hadde voret. Han fekk ogso baade Takk og Pris fyre si sjølvminte Hjelpsemd og dan glupe Gjerdi si, som han gjorde med Livhætta fyre seg sjølv. Han Sølfest laut darimot høyra Spitord, som strauk av Stad med Musikanten si Skreppa, men han berre orsakad seg med at han var so forsuppa, at han litet visste av seg sjølv.

Dat smakte hardla godt at faa sitja hernede og kvila seg paa ein stor Stein, som laag upp aa Breden. Soli naadde inkje lenger ned til oss og her i kalde Skuggen kunde eg fyrst kjenna kor dat hadde leitat paa. Eg var so vaat av Sveite, som eg skulde leget i Sjoen og eg skalv endaa i Holdet, men slikt hever ein berre godt av, etter so som eg hever røynt. Dei kvikna baade Saal og Skrott slike Stunder, som du maa bruka all din Dug baade likamleg og andleg til at naa dat du vil, og naar du hever

kvilt deg ut, so kjenner du, at du hever litsom lagt ein liten Mole til din Vokstr, at du hever aukat di andlege Spennkraft og gjort eit Steg framaat til di Livsmid som Mann. Inkje so, at ein skal leita etter Faaren; eg fer alltid varlegt fram og gjeng sjeldan elder aldri dar eg inkje kjenner meg hugheil, men Møda skal ein inkje ottast, og dar ein treng all sin Styrke til at vinna fram, dar lærer ein mest. Denne Vekslingav dan hardaste Møda og dan søtaste Kvild gjerer Livet rikare og meir skiftande. Baade Saal og Kropp verda meir liduge og tøygjelege, og heile Tankelivet verd djupare og vidare, og Synerna større. Difyre skal ogso alltid Fjellfolket ganga framum Flatbuen i andleg Styrke, og so lenge Verdi stend, skal dat etter Folkatalet alltid hava meir at bera fram til Heimsens andlege Kapital en Flatbuen. • So gjorde Nordmannen, i Samanlikning med Svensken og Dansken, ja med heile Europa, i Sagatidi, og so skal han gjera no paa nytt Lag, naar han fær reisa seg etter dan lange Kvildi, som vardt so lang av di han maahenda i gamle Dagar tok vel hardt i. Men han forsleit seg inkje helder, og dat skal han vonom fyrr syna, naar han no kjem stigande fram atter frisk og heil etter Kvildi med dat sprettande og ljomande Fjellmaalet sitt paa Tunga.

Dat same meinte ogso Vinen min, alt dat han stundom giv seg undan, naar dat leitar helder hardt

paa, og lovar „at dat skal vera sidste Gongen han skal fara som Vitløysing i Lag med meg.“ Eg tvilar inkje paa di, at han vil vera med meg eit annat Aar, um dat so ber upp aa Skagastødlstinden. Han var dan snøggaste til at gløyma Faaren, som han nyst hadde voret i, og sat no so fegen og fjaag og starad kringum paa dat makalause Landslaget. Me saato just dar Breden fraa Skardet flyt isaman med Vetlebreden, som kjem veltande som ei storknad Elv ovan or eit Skard fraa Storbreden. Vetlebreden er inkje med dei største Utflaumingar fraa Jostedalsbreden, men han er hardla forvitneleg at sitja innmed, baade av di han i seg sjølv er so bratt og høg og vill, og av di Landslaget kringum heile denne tronge Dalsbotnen er so merkelegt. Dat er fulla Møda verdt at ferdast, naar ein kann sjaa slikt. Fyrst er dat no dat undarlege, forrivne Skardet fyllt med kvite Snjobreden, dar me komo ifraa; so er dat dei stupbratte, høge og kvasstindutte Fjelli paa baade Sidor, med Blaabredar veltande ut or kvart Skard øvst i, men med saftgrøne Skorer nedetter, dar fine, smaae Bjørkjer med kvitnævrutte Leggjer hava fest Rot og luta seg med si blakrande Kruna utyver svarte Fjellveggen; so er dat dei smaae leikande Bekkjer, som hanga lik Sylvband paa ei breid Bringa; so er dat dan fossande Elvi, som kjem budlande fram undan Breden; so er dat dei store Sandhaugar og Steinrøysar (Morainer), som dan framveltande Isen

hever skotet ut og lagt ifraa seg nedetter Dalamidet. Ja altsaman er fulla vel lagat til at gjera deg bisnefus, so du hever heilt ilt fyre at risa upp og slita deg laus fraa slik storvoren Fagerleike.

Um einkvar av deim, som lesa detta, skulde vilja gjera denne Ferdi, som er vel verd Umaken, daa vil eg raada honom til at hava Tog med seg. Med ein god Førar, god Fjellstav og Tog kann dan, som er nokorlunda fotfim, hugheil leggja i Vegen. Serlega kunde Tog koma til Nyttes her nedst paa Breden, for dat er inkje so sjeldan, at dat her og kvar berre ligg ei tunn Skinna med Snjo yver store Hol og Sprungor, som Vatnet hever holat ut. Eg talad seinare med ein Kjenning, som hadde gjort same Ferdi, og som hadde voret stygt nog ute hernede. Han kjende, best som han gjekk, at dat liksom gav seg under Føterne hans, og dat var nett so myket han hadde fenget skvetta aat Sida, daa dat brast og Snjoen rapad ned dar han just hadde stadet Augnablinken fyreaat. Daa han bøygde seg ut yver Tromen og skulde skoda ned i Sprunga, var dat so djupt, at han ingen Botn saag. Naar ein skulde vera so uheppen at fara ned i slike Sprungor, vilde dat mest vera vonlaust at berga Livet. Dei fæste vilde vel vera so heppne at møta eit Feste i Flugti, so som dan Nordfjordingen, som nokre Aar sidan midt upp aa Jostedalsbreden foor ned i Avdjupet, daa han skulde ganga yver fraa Jostedalen og til

Stryn. Han var so framifraa heppen at koma sitjande paa ei liti smal Spong, som stod ut fraa Isveggen ned i Sprunga, inkje lenger nede en at Felagen hans kunde ropa ned til honom og faa Svar atter, at han var med Liv og sat nog so godt. Han kunde likavel inkje sjaa honom, langt mindre hjelpa honom upp atter utan Toggreidor, og dar laut Armingen verda sitjande dan Dagen og Natti med, medan Felagen hans laut fara fraa honom og til Bygdar etter Hjelp. Dat var inkje fjelgt Herbyrgje maa tru. Han hadde fulla Nistebumba paa Ryggen, men han sat so naudt, at dat var Livhætta med at røyva seg. Men Hunger er hardt Sverd i heil Mage, helst naar Matburet inkje er ei halv Aln fraa Munnen, og sidstpaa tok Svulten honom so, at han laut freista med at faa Bumba av Ryggen. Dat gjekk vel, og daa likad han seg endaa inkje so illa dar han sat med Nistebumba i Fanget sitt. Han aat baade godt og jamt, men han hadde no inkje annat livga seg upp med i sitt Einvære maa vita. Han tykte likavel dat var ei fagna Stund, daa han Dagen etter høyrde Mannamaal uppyver Hovudet sitt, og daa læste han atter Bumba si, batt so dat nedsekte Toget um Livet, og upp i Dagen kom han lika heil og uskadd som han foor ned, berre med dan Skilnad, at Nista var flutt fraa Ryggen og ned i Magen hans. Men slike Uheppor kann ein hytta seg fyre, naar ein gjeng fleire i Lag

med Tog um Livet, for um dan eine daa fer igje-nom, so held dei andre atter, og dat vil inkje vera ovtungt fyre deim at gjera detta helder, med di ein alltid vil hava Tromen at triva seg i, so at ein inkje fell ned med si heile Tyngd; men difyre maa Toget mannamillom ogso helst vera nokorlunda strakt.

Dat er næstan ingen Ting i vaart Land, som legg seg med slik agande Magt yver Hugen min, som Syni av dei store Jøklarne, dar dei koma sigande ned i Dalarne. Dat kann vera skakande at standa innmed ein diger Foss, men dat giv daa inkje dan Tanken um umotstandande Kraft, som dan nedvel-tande Breden hever meg seg, som seint men stødt sig fram og ber med seg alt, som ligg i Vegen. Dat er skakande at høyra paa Fossedunen og sjaa paa Vatsbylgjorna, som flauma fram og sturta i Djuvet, men eg tykjer dat er endaa meir agande at standa innmed dat stille og kalde men jøtulslege Livet av Storbreden. Dat er nokot løyndomsfullt elder my-stisk med dette Framsiget, som ein inkje kann merka utan paa dan uhorvelege Verknaden paa Landslaget kringum og so paa dat plastiske Skapet til sjølve Breden, som ligg so livande og so nett lik ei fos-sande Elv, at du verd liksom fælen, at ho braadlegt skal flauma fram yver deg, naar du stend eit Bil og starar stødt paa honom. Dat vilde vera godt naar dei som ferdast, hadde nokorlunda Greida paa Livet i Naturi og kjende til dei Uppedagningar, som

Naturkunnskapen hever gjort. Fyrst daa kann ein sjølv hava full Vinning og Hugnad, naar ein er god til at hitta Skilgreida paa dat ein ser, og inkje lyt standa og glaapa og grunda og jamlegt gissa rangt um denne elder hin Framsyning i Naturi. Ein Blom, ein Stein, ja dat minste Flyet kann vera Emne til rike Tankar fyre dan, som er naturkunnig, medan dan faakunnige anten inkje ser elder gjerer seg range Tankar um smaatt og stort i Naturi, som stundom fyller honom med dan verste og skadlegaste Ovtru, so som ofta hjaa Aalmugen, som med vaar noverande Skuleskipnad ingen Ting fær læra av dat, som dat just skulde vera dan frie Aalmugaskulens Sak at gjeva Lærdom i. Kunnskapen i Religion, som no med sitt dogmatiske ufolkelege Grunnlag tek heile Skulen i Annsemd, skulde vera nokot fyre seg sjølv, som dei frie Kyrkje-Samband fekk skipa og stjorna med etter si Torv og som skulde liggja utanfyre dan aalmenne Skulen, som Riksstyret skipar etter si Torv, og som maa vera lik yver alt Landet, kvat Truarbrigd so dei ymse Borgarar høyra til. Vonlega vil dan noverande Skuleskipnad inkje verda gamall hjaa oss, for dat er som Professor Nielsen sagde: „den theologiske Præsteskole har udspillet sin Rolle.“ Naar Skulen so, til Bate baade fyre Kristnelivet og Riksborgarlivet, er lagt paa dan rette folkelege Grunnen, daa vil Naturkunnskap gjenom honom kunna finna sin Veg ned til Folket, og dat

vil vera dat beste Emne til at lyfta Aalmugen i andleg Meining, driva honom til at bruka sitt Auga og sin Tanke, kvar han ferdast i vaart herlege Land, som just i seg sjølv i dette Stykket er eit slikt ovgodt Uppalings Medel med sin rike og skiftande Natur. Eg veit inkje kor dat hever seg, elder um dan noverande Skulen hever nokor Skuld i dat, at Folket no ser paa Naturkunnskapen som paa annan Djevelskap. Kor som er, Blindskap maa dat vera, naar nokon kann hysa dan Meining, at ein i Lengdi kann halda Naturkunnskapen ute fraa dan folkelege Lærdomen; og dei, som i Sannleike elska Kristendomen, men ottast Faaren, som i Vissa kann fylgja med Naturkunnskap so vel som med all annan Kunnskap, dei skulde her koma i Hug, at dat sidstpaa inkje kann vera til Bate fyre Trui, at ho liksom lyt ganga med Huva ned yver Augo. Naar Huva daa verd lyft, so som ho i Vissa ein Gong maa og skal verda, daa vil sidstpaa Vantrui lettare festa Rot, naar Folket verd var med, at dat inkjevetta fekk vita, fyre di at Kristentrui inkje skulde kunna tola at sjaa i Naturi si Bok. Naar Kyrkja inkje fylgjer med si Tid, men verd so atterhaldi, at ho einsidug sparkar imot dei fremste og naudsynlegaste Krav, som Tidi fører med seg, daa grev ho sannlega under sin eigen Grunnvoll. Men lat meg inkje hava meg for langt utor Leidi mi.

Eg fortalde stuttlega dat eg visste um Bre-

darne til Felagarne vaare og dei lydde paa med myki Merksemd og Hugnad. Kann gjerna henda, at desse same Folki vilde hava slengt ifraa seg dan Boki, som hadde boret fram dat same Emnet, som ei skadleg elder „forfængeleg" Bok, for dan Tanken er som sagt aalmenn i Landet, kvar helst han no mun vera komen ifraa, at annat en religiøse Bøker er dat inkje verdt at lesa, og dan Tanken finn ein helst hjaa deim, som med Aalvora gjeva seg av med Kristendomen, so som desse tri Veitastrendingarne, som inkje kvidde seg fyre dan lange og balsame Vegen til Kyrkja. No kom dei darimot inkje nokot galet i Hug, men tykte dat var forvitnelegt at høyra um Istidi og at faa Skilgreida paa dat, som dei her saag fyre Augo sine. Mang ei liti Hjelp kunde ogso dan kloke og tenksame Aalmugamannen vaar gjera Vitenskapen, naar han, som liver midt i Naturi, vardt upplærd til at sjaa paa henne med eit rett og tenksamt Auga. Me hava jamvel no Syn fyre Segn i dette Stykket: at Bønder, som til Dømes Sander Raa i Hallingdal, kann gjera store Ting, endaa dei lyt bala seg fram snupt paa eigi Hand. Betre Stad til at studera Bredarne en her kring um Fjelli i Fjerland, og maa henda helst her i Suphelledalen, finst her vel snaudt nog i Landet. Eg talad i Sumar med ein Løitnant Lorang, — Broder til dan hæve Forngranskaren — som laag her paa Landmeting, og som syntest hava gjevet myken Gaum

4

paa Bredarne. Han var ogso av same Meining, at her var myket at læra, og han trudde jamvel just her at hava gjort Uppedagningar, som leidde honom til ein Meining, som paa ein viss Maate var ny og sermerkt. Dat er her i kring um Fjelli mange greide og umiskjennande Teikn etter Bredar, som no ero kvorvne. Her i dei gamle Legor til Bredarne var dat, at han trudde hava funnet Prov paa dan Meiningen sin, at Isen hever havt myket meir at gjera med Skapet paa Fjell og Dal en som ein hever trutt til dessa. Dat er til dessa sagt, at Isen i Hovudsaki berre skurar og gneg ovanpaa Berget og fører med seg berre dat, som ligg laust elder inkje hever godt Feste; men Løitnant Lorang trur, at dat er mange djupe Dalsbotnar og Smaadalar, som ero framkomne ved Sprengning av Bredarne. Dat syneſt ogso vera greidt, so som han sagde, at naar ein stor Bred ligg i og yver ei Hola med si heile Tyngd, so vil dat Vatnet, som um Sumaren er braadnat og um Vetteren frys, sprengja Berget som ein Mine og føra dat ut til dan Sida, dar dat er minst Motstand, so at dat, som fyrr var ei Hola, verd til ein Dalsbotn. Eg hever sjølv undrat meg øvst i ymse Fjelldalsbotnar yver Skapet og dan uhorvelege Mengd med laus Stein, paa Lag som dat skulde hava voret nokre Hundrad Tusund Mann i Minearbeid i Aarhundrad. Kring um paa Fjell-veggen var dat halve Jettegrytor, paa Lag som

Merket etter store Minebor, og Stein laag paa Stein alt aat høgaste Fjelltromen, so dat kunde inkje vera Tale um sedvanlege Fjellskridor helder. Men med Lorangs Sprengnings-Theori fyre Augom er dat uvandt at skyna korleides dat er tilgjenget.

Men her verd eg standande paa same Flekken og svallar all Dagen. Me maa sjaa at hava oss ned fraa Breden og ganga varlegt, for her er ymse Innsig i Snjoen som tyder, at dat inkje er so fullkomlega trygt innunder; men me koma godt ned og halda vaar Veg fram, krøkjande millom Sandhaugar og Stein, som Breden hever lagt etter seg ned etter Dalen, og som syner at han eit Tak hever siget myket lenger ned en no. At Isen er i jamt Framsig kann ein ingen Stad betre vissa seg um en her i denne Dalen med at sjaa paa Suphellebreden, som eg skal tala nokot nærmare um, naar me koma ned til honom. At ganga i dat ulendte Faret etter ein gamall Bred er inkje huglegt i Lengdi. Dat leitar so fælande hardt paa Oklaliden at ganga paa dan kvasse Steinen, som ligg laust i Sanden, og du verd baade trøytt og keid. Men me hadde nokot godt i Augsyn, som gav oss Mod og Spennkraft i Føterne og dreiv oss til at aula paa so godt som dat let seg gjera. Eit Stykke ut i Dalen steig Røyken so fredlegt upp fraa Selet paa Suphellestødlen og vittad so gjestmildt aat dei trøytte Ferdamenner. Utanfyre Dyri sjaa me alt ei Gjenta i grønt Livstykke

og raude Roggaband; ho stend og stirer etter Ferdafylgjet, som nærmar seg tyrst og utasat. Dei helsa og faa atter eit blidt „Gud signe," og so slengja dei seg paa Vollen, medan ho gjeng inn i Selet etter Fagnad-Drykken.

So som eg hever sagt lenger fram i Boki, so er dat fyre meg med dan gildaste Hugnad at vera paa Stødlom. Dat er fulla ogso detta som gjerer, at dat fester seg so stødt paa Minnet, dat som eg dar røyner, lika til dan minste Ting. Alt dat eg hever voret paa mang ein Stødl i mine Dagar, so kann eg naar som helst draga kvar einskild Gong fram fyre Tanken og sjaa deim alle med Hugsyni næstan med same friske Liten som daa eg var dar. Ved Minnet, denne Herrens beste Gaava, Grunnvollen fyre heile vaar andlege Framvokster, kann eg soleides ofta skapa meg dan varme, ljose Sumars-Hugnaden midt i Vettrens Kulde og Myrkr.

Ved Minnet um denne Stundi paa Suphelle-Stødlen kjem dat og Sol og Sumar, Smil og Fagnad inn i Hugen min. Dat stend alt med skire og friske Liten framfyre Augo mine. Fremst stend ho Randi, ljosleitt og lægjande, men bljug, dar ho kjem fram or Selsdyri med ei stor Mjølkeskaal millom baade Hender. Ho var fulla vordet oss var, so ho hadde fenget Tid til at fli og fjelga seg. Eg ser endaa grant dat reine Linet innanfyre dat grøne Livstykket, dan dinglande Sylgja i Halskragen og dan

litle Glytten i Skyrta ovanfyre Brjostduken; eg ser henne rein og sedsam bøygja seg ned aat meg, som næraste sat, og gjestmild retta meg dan feite Mjølki. Eg hugsar at eg drakk ein Taar, men dat væne Gjente-Bilætet tok fulla Sansen ifraa meg, for eg hugsar inkje korleides dan fyrste Slurken smakad. Fyrst daa eg etter brukeleg Bygdarsed i snaraste Lage vilde fli henne Randi Skaali atter og ho lint hadde skuvat henne tilbakar med dei Ordi „du maa endeleg drikka deg utyrst," fyrst daa fekk eg atter Sansen og darmed ogso Smaken. Aa for godt Mjølki smakad, visst inkje berre meg, men og alle hine. Eg ser endaa Skaali ganga fraa Mann til Mann, alt fraa dan fegne, mjølkesnake Musikanten og til dan stillvorne, varlaatne Marta og tilbakar til Randi, som smiler og gjeng inn i Selet etter ny Forsyning.

Eg hugsar framleides daa eg etter Fagnad-Drykken var gjengen burt aat Grovi, som siklad attanfyre Selet. Ein kunde vel turva reinska seg etter Krjupingi upp i Snjo og Mold, maa vita. Eg ser endaa dan litle Grisen med dat moldutte Trynet og Kvikroti i Munnen, for han heldt upp baade med Roting og Tygging og starad forviten med dei smaae kloke Augo sine paa dei ukjende Kropparne, som gav seg til at sutla so i Vatnet. Eg kjem vel i Hug, daa me etter Fjelgingi kom fram til Selet atter, korleides dan gjestmilde Randi hadde stellt dat til paa dan store flate Steinen i Bakkahallet med ein diger Rjo-

mekopp med Levseleivar i kring um og reintvegne Hornskeider uppaa. Eg ser grant heile Ferdalaget fram fyre meg: Sølfest og Eirik andføttes paa øvre Sida, meg sjølv paa Kne paa dan nedre, Marta til vinstre og Musikanten til høgre; honom ser eg endaa skava av berre skinande Rjomen, medan dan bljuge Marta darimot sting Skeidi enda beint ned, so ho mest berre fær godt av dan sure Mjølki. Dat er fulla sum Skilnaden paa Bymanns og Bonda Sed maa vita.

Etter Matmaalet giv eg meg i Prat med henne Randi og me fylgja henne inn i Selet, ser paa Greidorna hennar og kjem i Samtale um Sætrastell. Eg giv henne Lovord fyre dei kvitskurad Koppar og Kjerald, ser og smakar paa Smøret og Osten, og ho lyder forviti paa meg, naar eg fortel um Sætrarne til Gudbrandsdølerne, som ero so fine og romlege mot deim her vest. Eg segjer, som sant er, at dat er huglegt at sjaa kor munarlegt dat hever besnat her ogso paa dat sidste med Reinleiken og Umfliingi av Avdraatten, men baade Randi og Marta medgjeva, at dat endaa er mang ei høveleg Umbot at gjera. Me rødde soleides um kor gagnlegt dat vilde vera, at kosta seg betre Selshus, som dat ogso var lett Tilføre til paa mange Stader, serlega dar Stødlarne liggja laagt og nær Fjord og Skog, so som her i Suphelledalen, dar dat var baade uvandt og udyrt at faa seg eit skaplegt Sel. Likaeins vaaro

alle samde med meg um dat, at dat vilde bitala seg twifaldt, at kosta seg Omn i Selet i Staden fyre Peis, som gjerer, at Røyken legg seg paa Mjølki, so at Smør og Ost baade faa Usmak og Udaam. Dei tykte som eg, at dat var reint burt i Natti, at bruka dan djupe gamaldags Kirna med Tverel, som var so tung og langdrygen at kirna med, imot dan høvelege Svarvekirna. Gjentorna likad hardla godt dat Framlaget mitt, at Folk skulde stella til med eit Fortjeld av simpelt Lereft framanfyre Mjølkehyllorna, so at Dust og Røyk inkje skulde leggja seg paa Mjølki. Ho Randi meinte med Laatt, at eg visst dugde vel til at vera Budeia, og lovad, at naar eg kom til Suphelledalen atter, so skulde eg maa henda faa sjaa, at ho hadde teket etter sumt av Visdomen min, soframt berre Mor hennar vilde, men dei gamle vilja vera helder traae til at taka ved nye Umskifte, meinte ho. Eg meinte, at so fekk ho gjera deim, naar ho fekk sitt eiget Sætrastell, som dat trulega inkje vilde vara lenge til ho gjorde, ei slik Gjenta som ho var. Randi skrattlog. Eg ser endaa Andlitet hennar med Skalkesmilen, daa eg gav henne Handi til Velfar, og ofta kjem Gjenta i dat grøne Livstykket fram fyre Augo mine, dar ho stend attved Selsnovi og ser vinlegt etter dei framande, som halda sin Veg fram.

Heile Suphelledalen, som er paa Lag ei Mil paa Lengd, er trong og steinlendt, alt til ein kjem til Bøgarden paa Suphella, vel so ein Fjordung

fraa Sjoen. Dovne Føter og steinlendt og ujamn Veg høver just inkje i beste Lag, men dei alpeformde Fjelli og heile dat forvitnelege Landslaget gjorde, at ein gløymde all Trøyttleike. Dat var vel so, at eg tidt snaavad og jamvel stupte ender og daa, av di eg gjekk og bisnad upp i Lufti paa dei rauste Nutar og Nipor, men eg spratt upp lika hugheil so snøgt som eg var god til og heldt min Veg fram. Ender og daa foor dat ein undarleg Dun gjenom Dalen, dat let som Skrida, men inkje var dat Stein og inkje var dat Snjo, var dat likt til. Sidstpaa bar Vegen innum Bøgarden inn i ein tjukk Oreskog. Her var dat baade flatt og mjukt og svalt at reika. Skogen var so tett, at ein berre ender og daa saag ein Glytt av Himmelen og dei hægste Tindar. Men braadlegt komo me til ei Glenna i Skogen og dar beint fram fyre oss imillom Suphellenipa og Vetle-nipa laag:

Suphellebreden.

Lik ville Foss, som storknad i sitt Glup
just daa han skulde velta yver Stup,
ligg digre Breden klembd i harde Berg.
Mot slik ei Syn eg kjenner meg som Dverg.

Paa øvste Tromen av dan frosne Elv
forundarlege Ting mot Himlens Kvelv
seg teiknar av; dei likna baade Troll og Mann;
ei finbygd Kyrkja og eg skilja kann.

— Kor fagert d'er, naar Soli sig um Kveld
bak Breden under Himlens gylte Tjeld
og skin paa Torn og Tempelhus av Is,
som upp aa storkna Elvartromen ris! —

Og under blanke Bred stend Fjellet hardt
og syner fram ein Vegg so graa og svart,
men ut or Skardi Fossar tri seg tvinga;
med Sylvband pryda dei dan myrke Bringa.

Hys! Kvat er detta fyr eit ofsa Knak,
som læter gjenom Dal med Brot og Brak
og fyller Lufti upp med Dun og Smell,
som Dvergmaal attergiv fraa Fjell til Fjell?

Dat er eit Rap, som fer mot Dalen ned
av tunge Is, som flaknad ifraa Bred.
Sjaa Flaki fjuka ut i lause Lufti,
slaa imot Berg og dansa ned mot Tufti.

Og sume krasast imot harde Fjell
og myljast upp til fine kvite Mjell,
men sjaa kor sume ned i Fossen dett,
so Vatnet sprutar kring med Skum og Skvett.

Men Kyrkja kvarv, som upp aa Tromen stod
med gylte Torn og Spir i Aftanglod.
No stend eit digert Troll paa same Stad
i raude Skinet ifraa Solarglad.

Og djupt nedunder ligg dat og ein Bred,
som skaptest av dan Is, som rapad ned.

Upp etter Fjellet, med dan svarte Lit,
Ishaugen ligg inn under Felden kvit.

Ja djupt i Dal ligg Breden kald og stor
bert nokre Alner yver salte Fjord.
Um heite Soli tiner Isen hard,
so ryn dat jamt paa nytt or høge Skard.

Men tett i Breden Bondens Aakrar gror,
og Skog og tjukke Gras paa grøne Svord.
I kalde Elv, som flaumar yver Stein,
seg laugar Blom og Straa og Oregrein.

Kor undarlegt her i dan varme Dal
at standa inn ved Breden stor og sval
og sjaa inn i dei djupe Rom og Hallar,
som glitra vænt med grøne Is-Krystallar.

Paa kvar si Sida av isfyllt Glup
tvo Jøtlar risa fraa Dalens Djup;
som staute Kjempor med Sylvhjelm paa
dei retta sitt Hovud mot Himlen blaa.
Dei er dat, som stødt med sin kalde Gufs
fer Fossen at storkna paa høge Ufs,
som byggja upp Troll paa dan høge Trom
og fine Kyrkjor av storknad Skum,
som taka i med dei kalde Hender
og dansande Isflak aat Dalen sender!

Eg hadde trivet Vinen min i Armen, daa me naadde fram til Opet i Skogen, for just daa losnad dat eit ovstort Rap upp i Breden. Du kann og tru, at dat var ein skakande Augnablink. Me stodo maallause og bisnad paa dan merkelege Syni, paa Breden uppe og Breden nede, paa dei tri Fossarne, som gaus fram undan Breden og lik braadnat Sylv flaumad nedetter dat svarte-Berget midt imillom. Ei greidare Stadfesta paa dan Meining at Bredarne ero i jamt Framsig, kann ein aldri finna, en her hjaa Suphellebreden. Medan me gingo framum, losnad dat ymse mindre Rap, og ei Stund etter fingo me høyra hjaa nokre Slaattefolk, at dat Dagen fyreaat hadde voret eit uhorvelegt Rap, som hadde skridet ned yver nedste Breden og radt paa Elvi, so ho tok til at „ræsa" og flauma yver Barden og bera med seg Isflak um all Mark. Ja her er eit jøtulslegt Liv i denne Dalen, og denne Breden er i Vissa eit med dei største Under i Heimen. Eg tykjer dat er helder undarlegt, at han og heile dat forvitnelege Fjerland er so litet namngjetet.

Dat var vel fagnadsamt at reika her nede paa flate Engi med mjuke, blømande Graset, i Angen av Kvitkoll og Raudkoll og av dat friske Høyet, som Vinnefolket heldt paa med at bera i Hus. Dat var skjemtelegt at helsa paa dei blide, vinlege Fjerlendingar, som forvitne drogo seg burt aat Vegen, av di dei hadde Hug at sjaa paa Framandfolket. Dat var

Gaman at svalla nokot litet med kvar og gjeva deim Greida paa dei barnslege, endeframme Spursmaal, som ofta kann gjera Byfolk so hugsaare, men som eg tykjer er helder naturlege og i Grunnen heilt meinlause. Dat gjekk paa denne Visi i seinaste Laget med Framfaret vaart, og daa her attaat var so myket at bisna paa, so seig eg og Musikanten sidstpaa undan Fylgjesveinarne vaare. Men dei hadde imedan funnet seg ein Kvilestad, dar dei laag og bidde paa oss. Dat var i ein blømande Bakke i Dalsmynnet under Skeidsnipa, at me tok vaar Stad imillom deim. Her hadde me dan fridaste Utsyn ut Fjorden, som krøkte seg blank og ljosgrøn snart millom hevdade Strender, snart millom bratte Hamrar og skogutte Lider og Nes. Soli skein endaa paa dei høgaste Nutar. Dan vinlege, kvitmaalad Mundals Kyrkja, som laag i Skuggen under dat storskorne Fjellet „Homradn", lyste Gudsotte ut yver dan litle Mannaheimen, som laag so vænt her inne i dan framifraa agande Fjellgarden. Naar me snudde oss til høgre i Bakken vaar, saag me fyrst Skridnipa risa høgt upp i Snjoen, og lenger framme saag me inn i Boyardalen og ein Snipp av dan velduge Boyarbreden. Yver Hovudet vaart reis dan gilde Skeidsnipa, som stend lik ei Kjempa paa Vagt i Skilbrodden paa baade Dalføre. Snudde me oss til vinstre, fekk me fyrst Augo paa dan skardutte Rysenipa og saag so inn i inste Botn av Suphelledalen med dat

snjofyllte Skardet, dar me nokre Timar sidan laag og kraup paa alle fjore, og so daretter Vetlebreden og Suphellebreden med dei tvo Jøtlar med Sylvhjelm, som no lyste som Gull i Solargladet. Drog eg so Augo aat meg, daa saag eg dat fegne Andlitet hans Sølfest, — dat veike Draget um Munnen var no vordet til ein Smil, — dat støde, hugheile Augnalaget hans Eirik og beint inn i dei blaae, varme Augo hennar Marta. Musikanten saag radt ut som han sveiv i ein annan Heim, og sjølv fekk eg Hug at kveda:

Aa kjære mitt Land, med Elskhug eg ser
paa din Fjord, dine Fjell upp i Snjoen,
din lysande Strand, dine Holmar og Skjer,
din Skog upp i Lid og paa Moen.
Eg takkar min Skapar, som etlad meg her
min Barnaheim nede ved Sjoen.

Aa kjære mitt Folk, eg elskar og deg,
som bur under Fjell millom Steinar:
dan varme Gjenta, som gjeng sine Steg
so bljugt millom sterke Sveinar,
og Kona, som stillvoren helde sin Veg
og trufaste Husbonde beinar.

Eg veit, at dat finst dei rikare Land
med flatar' og feitare Strender;
men fagraste syneſt meg eigi Strand
med sine smaalaatne Grender,

som liggja so vænt millom sylvkvite Band,
som Breden fraa Fjellet nedsender.

Eg veit, at dat finst og dei Folkaslag,
som bragla med større Æra;
men eg tykjer best um dat Hjartalag,
som Folket mitt eiget mun bera.
Eg tykjer baad' Gut og Gjenta er hag,
og meire so kunna dei læra.

Mitt Land! Ja paa deg eg med Elskhug ser,
so vænt du i Augat mitt lyser,
og kjæraste dette Folket meg er,
som du under Fjellet ditt hyser.
Eg takkar min Gud, yver Noreg eg be'r
at Fred og Velsigning han lyser.

Her nede, dar baade Dalføre møtast, er dat store Flator. Dat er so flatt alt inn under Suphellebreden, at ein kann køyra dit med Vogn. Ølbryggjarar i Bjørgvin hava i lye Vettrar hentat sin Is her ifraa Breden og hava daa eket Kjerrorna mest radt i Bredatromen. Gardarne sjaa gilde og lettvinte ut, og ein av dei gildaste syneft Vaatavıki vera, som me, etter Raadi hans Eirik, hadde etlat oss til Herbyrge dan Natti. Me gingo snøgt dat litle Vegastykket, som atter var, og inn i Tunet bar dat med oss stillt og fint. Me heldo oss kyrre, so som Sed er paa Landet, til dess Folk vilde gjeva

Gaum paa oss. Men daa dat drygde helder lenge fyrr me saago likt til nokon, tok me til at verda litt utoluge, og Eirik tok nokre Steg upp Troppi, men i dat same vardt Stovedyri uppleti og Eirik skvatt straks nedatter, som han være ormstungen. Du skal vita, at i Bondens Auga er dat dan største Raaskap, at synast nærsøken. Kor ofta hever inkje Bymannen saarat Landsfolket i dette Stykket, naar han kravsfull og uvyrden kjem stampande beint inn i Stova til Bonden, i dan faavise Tanken, at Aalmugamannen vaar ingi Cultur-Form hever og soleides ingen Kjenslor elder Krav hever til Aatburden. Ofta er dat dessverre berre Vanvyrding og Storlæta, som gjerer, at Bymannen syner dan styggaste Raaskap i sin Umgang med Landsfolket. Slike Folk meina, at dei syna Bonden stor Æra, naar dei stiga inn til honom og byd yver honom og hans som yver ein Træl, og til Takk kastar nokre Skillingar i Neven hans. Slike er dat og, som paa hi Sida forarga seg so myket, naar Bonden paa Innstig til deim kann koma til at krenkja litet hans tilvande Parisar-Skikk, som Bonden sjølvsagt inkje kann kjenna til. Slike Byfolk er dat raadlaust at rettleida, dei faa halda fram med si Vanvyrding, som i Grunnen skvett tilbakar paa deim sjølve. Men dat er andre, som fara fram i barnsleg Tankeløysa, so som ein Student av Kjenningarne mine, som beint fram meinte, at Bymannen stod so høgt i Aalmugens Augo, at

Bonden stødt vilde sjaa paa honom som paa dan fine Mannen, som inkje kunde vera annat en fin i alt dat han gjorde. Denne norske Studenten, som inkje betre visste, vilde likavel gjerna vera ein folkeleg Mann, og slike, som umedvitande og uviljande saara Bonden, kunna maa henda hava Hug at høyra nokre Ord, nedskrivne av ein Halling, um korleides Bondased krev at ein skal fara aat, naar ein kjem til Gards. Landsseden er myket lik um alt Landet i dette Stykket, likasom andre Seder, som Bonden hever boret ned til oss fraa Federne vaare og som visst i mange Stykke kann høva oss betre en dei heimførde franske elder engelske Skikker. I alle Tilfelle maa dat vera godt at kjenna til vaar eigen Sed fyre kvar dan, som hever Samhug med sitt Folk og gjerna vil naa fram til Bonden og læra skyna honom. Hallingen giv sine Raader soleides:

„Naar en no kjem te ait Bøle, anten de no e Plass ell Gar, so burde en 'ki gaa so radt inn i Stugu, anna en kann daa fara att aa fram utafyri ait lite Bil, ette at en fyst vait at Folke der ha faatt vorte vare ain; aa detta gjere en fyrdi de kann vera rørent i Huse, aa taa di so lie no 'ki Folke, at en kjem busand so samstundes inn te dai. Best vøre de aa sende Bo fyri se inn te dai.

Naar en so kjem inn, maa en 'ki glise ell lægje korki aat Seo ell Svalle daire, aa inki maa en læs gaa di helde, um de e noko rørent aa ruskjett, men

helde skreppe aa laate vel um, at alt e bra, endaa en kann tikje æinkort anna.

Aa naar en so ha daa siti ait lite Bil aa svalla um Vær aa Vind ait aa anna, aa gruna ette kaa Lag Mann og Kjeringi der hava, so kann en taka te aa bera fram kaa en ser ette aa vil vita hjaa dai. Ha dai Bødn i Huse, so kann en arimyljo, naar en svalla, skreppe aa laate væl um desse; e de Guta, at dai sjaa ut te aa bli sterke, friske aa kunnandes aa høndugе Kara, aa at Gjentebødne era gjorde te væne, aa at dai væl bli gilde te saume aa veva aa te aa stelle væl me Krytyro. Høve de se daa, so kann en giva dai minste lite Treak ell Sukker, aa dai større æingonn liten Boki; Mann aa Kjering, desso de e ringe Folk, Tobak."

Sigrid Vaataviki tok vel imot oss alle. Han Erlend, Mann hennar, laag sjuk av eit stygt og verkefullt Saar i Augat, som han hadde fenget av ei Flis, som spratt innpaa fraa eit Økſarhogg. Nokot litet ræddvori var ho Sigrid i Fyrstunne fyre oss Frakkekarar, men daa ho vonom fyrr skynad kvat Lynde me hadde, so vardt ho snøgt hugheil og mest lika so endefram mot oss som mot dei hine. Ho vaagad likavel inkje bjoda oss med til Kveldsmaalet, so som ho gjorde med deim. Me laut bida og lata oss lita med at sjaa kor godt Laugardagsfisken smakte dei svoltne Lagsmennerne vaare. Dan beste Stova skulde gjerast i Stand til oss maa vita, og imedan

saato me i Daglegstova og hadde vaart Gaman av at sjaa kor ho Sigrid med Hjartans Hug og Gjestmilde stellte fyre Vinerne vaare, som rett hadde ein gasta Mathug. Dat var inkje Smaahaugar med Fisk og Braud og Smør, som kvarv burt, og dat synteſt meg litet naudsynlegt, daa Sigrid so ofta foor burt til Gjesterne, støytte deim lint paa Armen og sagde: „Nei no maa de endeleg eta.“ Eg laut smila med meg, daa ho fleire Gongjer sagde: „De eta daa inkje nokot,“ samstundes som alle hadde Munnen so full av Mat, at dei berre kunde nikka paa Hovudet til Svar.

Sidstpaa var daa beste Stova ogso tilreidd, og me gjorde vaart Innstig i eit med dei trivelegaste Rom, som eg hever voret i, etter mitt Tykke. Dan velbygde Stova var ny, men inkje maa du tru at ho var nymodens likavel. Dat var ei Rotstova i dan gamle Stil, berre ljosare en eg vanlegt hever seet deim. Ein stor Ljore med Glasrutor var dat i Raustet, og tvo store Vindaugo fram i Brjostet, som gjorde Stova heilt lett og luftig. Eit finbygt Trev med Handrid var dat paa dan eine Tverveggen, og paa dan andre tvo store maalad Skaap, som vaaro krotad paa dan sermerkte, norske Maaten. Dat var baade ei finbygd Gruva med Skorstein og Spjeld, og ein Omn i dan eine Hyrna. Yver Dyri var dat maalat eit Ord av Bibelen med gule Bokstavar paa blaa Grunn, og Stova var i mine Augo rett

ei Mønsterstova paa Landet, ho var baade heilsam og fager, og ho Sigrid hadde Rett, som sagde, daa ho vardt var med kor forviten eg saag meg ikring: „Dat er no ei gamaldags Stova, men dat gagnar oss best so tenkjer eg.“ Slike Stovor som denne er i Vissa baade udyrare og i alle Maatar høvelegare en dei tvihøge Laaner, som no so aalment verda bygde ogso her vest, og dar dei fleste Rom standa tome og ubrukte og utan dan bidige Husbunad.

Reint og fjelgt var dat i Stova og reine Sengjer var dat tilstellt aat oss. Bordet var dukat og dat var inkje Skort paa Mat her helder. Smørstykket, som stod midt paa Bordet, vog vel minst ei halv Vaag.

Dat er jamt med Fagnad at eg kjem i Hug dei Stunder, som eg var paa Vaatavikí. Dat hever rotfest seg stødt i Minnet: Vindaugat med dan fagre Utsyni, som eg laag lenge og naut um Kvelden; dan friske Kjensla, daa eg vaknad um Morgonen etter dan rolege, draumfrie Svevnen; Morgonferdi i dan friske Morgonlufti; Doggdroparne, som glitrad i Graset; Songen av Sysvorta upp i Lidi; Hauking og Bjølleklang fraa Stødlarne; Skoddedottarne kring Rysenipa og Skeidsnipa; dan gjestmilde Sigrid, som bøygde seg so kjærleg ned aat dan lidande Husbonden, daa ho skulde ganga heiman og til Kyrkja; dei helgarklædde Kyrkjefolki paa Vegen; Hunden, som gøyande bykste upp etter henne Sigrid, for han trudde

han skulde faa vera med til Kyrkja, men som vardt heimjagad og sette seg sturen paa Haugen og saag etter oss. Eg kjem fulla ogso grant i Hug Skilnaden og Velfaret ned ved Strandi med Marta og dei andre kjærvordne Lagsmennerne vaare, som foro til Mundals Kyrkja, medan me, som vilde um Bergsdalen og Fjellet til Sogndal atter, rodde ut til Berge. Eg hugsar vel Baaten deira, for han seig lenger og lenger burt etter dan blenkjande Fjorden, i Lag med andre Kyrkjebaatar. Eg vardt glad kvar Gong ho Marta snudde seg og saag etter oss. Eg vonar at ho og dei andre ogso vilja minnast oss med vinlege Kjenslor, so som eg og Vinen min gjera, naar me stundom tala um deim. Musikanten kann aldri gløyma honom Eirik og dan støde Handi hans, som treiv honom so traust upp aa Breden og bergad honom i minsto fyre uppslitne Fingrar, um inkje fyre verre Skade.

Me steig daa i Land i Stødi paa Berge. Eg hadde ein Gong fyrr gjenget Bergsdalen ned og difyre vilde eg no sjølv vera Vegvisar. Vegen gjekk igjenom Bergstunet. Alle Vaksne vaaro til Kyrkja farne og Smaaborni, som vaaro ute og leikad seg, fauk i aust og vest som Smalen fyre Hunden, daa „Frakkefantarne,“ som ero sjeldsynte her, kom til Gards. Dan eldste var ei Gjenta, som kunde vera 12 — 13 Aar paa Lag og ho bar ein Unge paa Armen daa ho flydde. Dat er sannelega undrasamt,

at ein her i Landet so sjeldan spyrr til Ulukkor paa Borni, som so aalment lyt halda seg heima medan dei Vaksne fara ut i Skog og Mark. Vanen til at skøyta seg sjølv fraa Barnsbein gjerer vel myket, og so er dat no fulla ein, som vardveiter dei Smaae med si verjande Hand. Me laut sjølvsagt fara varlegt aat her, og sidstpaa so fekk me daa koma i Prat med dan nemnde Gjenta. Ho var so blid som ei Smørøskja, dar ho stod, med dan sutrande Ungen paa Armen. Dat skein Ræddhug fram or Andlitet og dei bjarte Augo hennar og Maalet skalv som ein dirrande Felestreng. Dat var eit fagert litet Emne til eit Maalarstykke. Musikanten talar ofta um dei væne Augo og dan fagre Laaten som klang fraa dan skuldlause, dirrande Barnsrøysti. Me talad daa so fint med Borni som me vaaro gode til, og Enden paa Leiken vardt, at daa me gjekk or Tunet, hadde me ei heil Fylking av svallande Smaaborn, som foro dansande kringum oss og fylgde oss alt aat Grindi.

Bergsdalen er inkje lang men bratt og steinlendt og litet sermerkt. Han var difyre helder mødesam at fara uppetter i Solsteiken, og me vaaro hardla trøytte, daa dat leid um Middag og me naadde fram til Stødlen. Dat var her ogso audt um Folk, men Selsdyrerna vaaro ulæste og me steig inn, so som ein gjerna kann gjera her paa Vestlandet i slike Tilfelle. Dat er ingen Stad, trur eg, at Folket her

vest mislikar, at farande Folk stiga inn i Seli og taka dat dei vanta, men daa maa ein ogso fara vyrdsamt aat og alltid leggja Bitaling ifraa seg paa ein Stad, som kann falla Folk i Augo strakst dei koma til. Dat er inkje um Skillingen men meir um Vyrdnaden at gjera som ein syner Folk paa denne Visi, for dat kann henda, at dei slett ingen Bitaling vilde hava, um dei var nærverande. Eg hever ogso stundom paa eigi Hand kokt Fisk paa Stødlen, som eg hever fenget paa Ferdi, elder stundom Mjølk i kalde Dagar. Alt slikt kann ein gjerna gjera, men ein lyt daa vaska Kjeraldi etter seg og stella alt til rettes atter, soframt ein inkje vil krenkja Folki. Men sume Stader plaga Folk læsa Dyri atter og daa er dat raadlaust at trengja deg inn, med mindre du kann vera kjend med Eigaren. Eg var soleides ein Gong til Fjells med ein Tydskar. Daa me tyrste og utasad kom til ein velkjend Stødl, var Seli attlæste, og eg saag ingi onnor Raad en at kliva upp aa Taket og ganga ned gjenom Ljoren etter Mjølk, til stor Moro fyre dan Framande, som sat um Skrevs paa Mønet og tok imot. Han heldt ogso ein lang Tale um „das poetisch zufriedenstellende in solcher Lage und mit solchen ausgezeichnet schönen und imposanten Umgebungen vor Augen Milch zu trinken."

Daa me her paa Bergsstødlen hadde drukket vaar Mjølk og etet vaar Rjomekopp ute paa Vollen,

stellt til rettes og lagt Skillingar paa ein Pápirmole fram paa Peisen, lagde me i Vegen atter. Daa eg aatta Aar sidan foor ned denne Dalen, var dat ein Regndag i Kveldingi, og daa dat no var myket meir Snjo fram i Dalen en dan Gongen, so var dat helder vandt at kjenna seg atter. Dan laakskodde Vinen min tok ogso til at kvida seg fyre Snjovadbingi og difyre tok eg dan Raadi, at me skulde stiga upp ein snjolaus Rind paa høgre Sida av Dalen, som inkje saag brattare ut, en at han maatte vera framkjøm. Som tenkt so gjort, men di høgare me steig, dess brattare vardt han. Me heldo likavel vaar Veg fram trottuge og tegjande, eg fyre og Musikanten etter. Men verre og verre vardt dat, og daa eg skulde snu meg, for eg hadde Hug at vita kor dat gjekk med Vinen min, vardt eg heilt ankefull ved at sjaa paa honom. Han kraup tolugt etter meg paa alle fjore, men Andlitet hans var bleikt som Snjoen og eg saag paa heile Aatferdi, at han tok til at verda svimrug, som inkje var til at undrast paa. Dat skok i meg med, daa eg saag ned i Djuvet. Vinen min torde inkje sjaa ned, men sende meg eit Augnakast, som dat laag baade Fyrebregd og Bøn i. Eg tok til at ottast og bad honom verda liggjande, so skulde eg stiga litet høgre og sjaa etter um dat inkje snart vilde besna med Bratta. Eg foor daa eit Stykke uppetter einsaman, men dat vardt framleides verre og verre, so

eg ingi onnor Raad saag en at snu atter. Men daa var dat so bratt, at eg laut taka Skreppa av Ryggen, av di han tok i Bakken naar eg snudde meg, so at eg inkje kunde faa halla meg nog attyver. Daa eg so naadde ned til Lagsmannen atter, laag han dar aa Gruva nett paa same Flekken, med Hondom i same Busken og saag med same bleike Andlitet beint inn i Bakken. „Ein skal fara vel med viljuge Sveinar" tenkte eg. Att og fram er visst lika langt, men fegen var eg likavel, daa me heile og haldne stodo ned i Dalen atter. „Dat kjem sjeldan Fjas til Fagnad og dat er best at aka heim med heile Vogni." Me hadde fenget nog av Fjellferd denne Gongen tykte Vinen min, og eg lydde til dan Raadi, at me skulde hasta ned til Berge atter, faa oss Baat og fara ut Fjorden til at møta Eimbaaten, som skulde koma til Balestrondi same Kvelden. Naar me vaaro nyttne paa Tidi, so kunde me naa fram til Tidar. Eg laut no heim til Sogndal til Yrkjedags Sysla Dagen etter, maa vita.

Soleides bar dat daa til, at eg paa Baaten ut dan gilde Fjerlandsfjorden i stille, væne Sumarkvelden av ein av Norskarlarne fekk høyra ei Livssaga som eg her lyt freista paa at bera fram paa min Maate.

Geirstad-Trond.

Trond verd til Mann.

Eg her vil bera fram nokre Ord
um Geirstad-Guten fraa Fjerlandsfjord,
som i ei Stova, brunblakk av Soli,
dar kom til Verdi ein Dag i Joli.

Daa Ungen tvegen og umflidd var,
dei sende Bod etter honom Far,
som stod i Tunet og saug paa Pipa
og hugheil saag burt i Ryse-Nipa.

Han Son sin upp or si Vogga tok,
med Smil han lint vesle Guten skok:
„Eit skaplegt Emne, so sant no berre
at ogso Trivnad kjem fraa Vaarherre."

Daa Guten tett paa ei Vika var,
til Mundals Kyrkja dei honom bar.
Her vardt han døypt so som Folk pla' gjera;
men Trond vardt Namnet, som han fekk bera.

Og Tronden treivst i dat beste Lag,
so Mun ein saag ifraa Dag til Dag.
Han tok til krjupa paa alle fjore
og lærte ganga som andre gjorde.

Han lærte Maalet, han gret og log,
han sprang kring Fjøra og Mark og Skog,
han gjekk og saag paa dei høge Nutar,
som stend kring Dalen lik Kjempegutar.

Han høyrde Segner av honom Far
um Jøtul, Huldr og Elvarkar,
um Folk, som ofta i Berg vardt tekne,
men ut med Klokkeklang atter rekne.

Han sat ved velduge Boyar-Bred,
han saag med Undring paa fæle Skred
fraa Suphelle-Breden, naar ut dat runde
dei største Isflak, so Marki dunde.

Daa vardt som vill han i Hug og Kropp
og foor kring Marki med Byks og Hopp.
Han fylgde Flaki paa Elvartromen
og sprang og kappskreik med Fosseljomen.

So lært' han bruka baad' Ljaa og Græv,
paa Skiom fara i Fok og Drev.
Han kunde makalaust Halling kasta
og duglegt eta, men ogso fasta.

Og han voks til og vardt vakſen Mann,
men stautar Kar visst du sjeldan fann,
og allesaman, som Tronden kjende,
dei likad honom, og daa helst Kvende.

Um Herdi breid og so spræk og rak
han var dan fremste i Ryggjartak.
Han var dan frægaste til at symja;
hans Maal mest let som naar Elvar glymja.

Litt strid i Haatten, men inkje vond
i Hjartahugen var Geirstad-Trond.
Hans sterke Likam var seig i Slitet;
men inkje vantad dat held' paa Vitet.

Og difyr var han i Lestr glad;
han sat so ofta med Bok og Blad
paa Bakken ute um Sumarkvelden;
med Vettren las han ved Aare-Elden.

Men gamle Segner dat las han mest,
for Tronden likad no allrabest
at fretta um sine gamle Feder;
han kjendest med deira Hug og Seder.

Dei høvde vel med hans eigi Bygd,
for dar dei sette dan same Dygd
i mest at lita paa eigne Dugen
og vera karsleg og sterk i Hugen.

Ja inn i Fjerland dar er dat so,
at Folki er av dat gamle To.
Dei hev' dat myket paa gamle Maaten,
og Livet gjeng med dan gamle Laaten.

Dar Stev og Leik gjeng med gamle Dur,
og Gjenta svarar sin Gut paa Lur.
Um Ryggen Mennerne ofta taka,
og Framandskapen vil inkje smaka.

Og Geirstad-Tronden best likad seg,
naar han fekk ganga dan gamle Veg.
I Neven sin var han aldri valen,
i Leik dan fremste i heile Dalen.

Men alt han las og paa Leik han var,
han trottugt hjelpte paa sinom Far
med Slaatt og Rydjing og Kornet skjera
og tvifald Høybyrd paa Ryggen bera.

Daa Fadergarden hans ei var stor,
han tok seg til og paa Handel foor.
Han gjekk um Fjellet aat Jølster-Dalar
og kaupte fyrst berre tvo, tri Smalar.

Han foor med litet og byrjad smaatt,
men fram dat gjekk og han tente godt.
Han hadde Vit og han brukte Dugen,
men alltid ærleg han var i Hugen.

Og daa so munarlegt fram dat skaut,
han handlad Hestar og store Naut,
og sidstpaa foor han ved Jonsokleite
med heile Hundrad i Valdres Beite.

Men dat vardt sagt um han Trond fyr sant,
som sjeldan sagdest um Skreppesant,
at honom kunde ein tru paa Ordet
so stødt som dat hadde voret svoret.

„Paa Kui sjølv kann du setja Verd,
eg veit du giv meg dat ho er verd,"
sa' Bonden ofta kring Bygd og Grender
og gav sin Fenad i Trondens Hender.

So Tidi skreid i dat beste Lag,
og Trond vardt gift med ei Gjenta hag.
Men strakst baketter daa døydde Faren,
og Trond han tok imot Ættargarden.

Paa Handel foor han daa, for som var.
Daa Bror hans hjelpte med Hus og Gard;
dei tjugo knapt kunde Broren vera,
men karslegt Arbeid han kunde gjera.

Og Trond han vardt no ein riker Mann,
dat munad næstan med kvat han vann;
og inkje helder dat lenge drygde,
fyrr han var Hovding fyr heile Bygdi.

Men eitkvart Lytet hev' kvar ein Mann,
og detta ogso hjaa Trond ein fann:
han saag med Illvilje til dei store,
for litet Gagn tykte han dei gjorde.

Ja tidt og ofta han Geirstad-Trond
i Hugen vardt baade harm og vond,
naar han saag Bonden med Krokrygg hola
og Hatt i Handi fyr Storkar gjøla.

Trond sin Medtevlar.

I Mundal, inn i same Fjord
— dar Fjerlands Kyrkja stender —
dar føddest upp han Mundals Tord;
aat honom no me vender.

Jamgamall han med Tronden var,
dei saman gjekk fyr Presten,
og Tord var og ein druster Kar
og sterk som Tronden næstan.

Dei ofta tokst som Gutar alt,
— dei laut no upp seg læra —
i Hop dei etter Bakken valt,
men Tord jamt nedst laut vera.

Og Tord han hadde annan Haatt;
um han var seig i Slitet
og næstan sterk som Trond av Skraatt,
dat vantad meir paa Vitet.

Han kytte stødt av Styrken sin
og av sin Dug og Tame.
Han sa': „Paa Trond eg ein Gong vinn,"
og sputtad i dat same.

So braut han paa, men aldri vann
han yver Trond, dan Styggen!
For etter Taket alltid han
mot Marki laag med Ryggen.

Dei tevlad soleids mang ein Dag
til Bygdarfolksens Gaman,
tidt berre desse tvo i Lag,
men ofta mange saman.

For Mundalsgutar slogo seg
i Fylking under Torden.
Men Boyardøler gaavo seg
innunder Geirstad-Storen. —

Naar du langt inn i Botnen fer
av inste Fjerlandsfjorden,
ein liten Tange dar du ser
med mjuke Mosesvorden.

Her tidt i Baskctak dat bar
med heile Storelaget.
Men Enden jamt paa Leiken var,
at Mundøl tapte Slaget.

Og Torden etter tapte Slag
vardt meir og meire sinnad.
Han sa' med Sputt i lengste Lag:
„Eg skal vel ein Gong vinna."

Dragsmaalet.

So var dat ein Gong, at han Trond laut draga
som Dalens forne Valmann heimanfraa.
Daa tykte Torden at dat godt seg lagad
og at dat no var Tid at nøyta paa.

Ein Sundag ut paa Mundals Kyrkjebakken,
daa Presten etter Tenesta var faren heim,
han Tord gav Bror hans Trond ein Støyt i Nakken.
Paa Flekken bar dat daa i Hop med deim.

„Nei inkje her med Kyrkja kann dat høva
at slaast,“ baad' Vinerne hans Trond og Tord daa skreik.
„Kom inn paa Tangen vaar, dar vil me prøva
eit Baskketak paa gamall Vis og Leik.“

Og sprække dei til sine Baatar fara
og hasta hugramt yver blanke Fjord;
dei kappast alt og ro som druste Karar
og eggja upp kvarandre stødt med Slengjeord.

Men Kyrkjefolki fylgja Kjempeferdi,
at sjaa paa slik ein Leik dei hava Hug,
naar rauste Gutar paa dan gamle Gjerdi
i Kappetak skal bruka all sin Dug.

Med Eld i Augom upp aa Tangen springa
dei Kjempor, styrma fram til Leikevoll;
dei skipa Lag og fara so i Bringa,
Mann imot Mann med sterke Rop og Soll.

I hardhendt Leik dei no kvarandre femna,
i skinnfelt Brok dei triva faste Tak.
Dei hava ifraa gamalt sumt at hemna
og klemba aat so Beini gjeva Knak.

Dei bøygja, brjota so i Lidamot dat knetter,
og stundom kjem dat fram ein halvkjøvd Styn,
dei rugga kringum Vollen, sume detter
i Koll so hardt, at dat i Marki dyn.

Dei sparka, so at Mosedottar rjuka
um Øyro, naar dei velta seg i kring;
dei sleppa Tak og upp dei atter fjuka
og taka til paa nytt med spræke Sving.

Og alle gildt i baade Flokkar berjast,
kvar Mannen brukar karslegt Styrken sin.
Men um ein endaa nog so vel mun verjast,
so er dat aldri meir en ein, som vinn.

So gjekk dat ogso her i denne Ridi
imillom Flokkom deira Trond og Tord;
daa Timestund med Kappetak var lidi,
daa ropad Mundalsflokken Sigerord.

For Bror hans Trond, han laag og bles i Bakken,
han var dan sidste Mann, som slapp sitt Tak.
Han inkje hemna vann dan Støyt i Nakken
av Tord, som stod dar lika keik og rak.

Ja sigersæl og kaut han stod og stirde
i kring um seg paa baade smaatt og stort.
Dei gamle nikkad, Gjentorna dei flirde,
men alle sagde, at dat godt var gjort.

Men Trond kom heim ifraa Storting-Valet.
Han frette daa strakst at dat gjekk so galet,
daa Flokken hans hadde voret for veik.
I Tunet stod Bror hans baad' saar og truten,
han studde paa Stav seg dan stakars Guten
og ankad seg etter dan harde Leik.

Trond spurde med Harm at dat hadde voret
han Mundals-Tord, som fyrst hadde boret
paa Broderen Hand med eit Nakkedrag.
Men harmare vardt han, at Folketalen
bar Torden med Lovord um heile Dalen,
av di at han vann i dat sidste Slag.

Han gjekk inn i Stova og sa' inkje Ordet,
men best som dat var, so slo han i Bordet
so dat tok til dansa baad' Koppar og Fat.
Daa detta var gjort, han tok til at eta,
for aldri so galet dat gjekk maa du vita,
at Geirstad-Trond miste sin Hug etter Mat.

Forliks-Freistnaden.

Med' Tronden var burte, var Torden heilt kaut,
men no han var heima, paa Modet dat traut.
Han tenkte med seg, at dat var fulla visst,
at ein Gong han Trond vilde takka fyr sidst
og gjeva med Rentor tilbaka
dan Dengsla, som Bror hans fekk smaka.

„Dat likaste verd, at eg no freistar paa,
um inkje eg honom sorlikt kunde faa
og bægja med Godord ifraa meg hans Harm,
daa slapp eg at kjenna hans staalsette Arm
i kring um Mjødmarne mine;
slikt vardt baad' til Spott og til Pina."

So meinte han Tord dan Fuling med seg,
og rett same Kvelden han lagde i Veg
at leita upp Tronden paa Geirstad dar nord.
I Tunet han hittad baad' honom og Bror.
Trond sat paa ein Stabbe og smidde,
eit Økjarskaft var dat han flidde.

„God Kvelden! Til Lukka med Arbeidet ditt,
og velkomen heim," sagde Torden heilt blidt.
Daa Trond honom takkad og paa honom saag,
ein undarleg Smil kringum Munnen dat laag,
som Tord nokot undarleg gjorde;
men radlegt so tok han til Orde:

„Trond Geirstad! Du tykjer visst likasom eg,
at litet fyr Bygdi vaar høver dat seg,
at me skulo liggja i Dragsmaal og Slag
og hota kvarandre so Dag etter Dag.
Vil du so som eg, skal me venda
vaar Hug og no Ufreden enda.

Du er no i Bygdi dan sterkaste Kar,
so var upp i Ætti di Far etter Far.
Sjaa detta er aalkjent fyr Møy og fyr Mann.
D'er du, som og raada fyr Ufreden kann." —
Men Trond berre peikad' paa Broren
og svarad daa soleids til Torden:

„Eg vyrder visst myket din fredsame Haatt,
og aldri eg høyrde deg tala so godt.
Som du eg no ynskjer at enda vaar Strid,
slikt høver og best med vaar beinlause Tid.
Men fyrst etter gamall Sedvenja
eg lyt berre ein Gong deg dengja!"

Snøgt reis han fraa Stabben sin ved desse Ord,
og hotad med Kniven i Handi aat Tord.
Han saag nog ei ut til at vera so greid,
som stod dar so rak og so herdebreid.
Og Tord ut or Tunet seg skundad,
han heimatt til Mundalen stundad.

Tord fær Hjelp.

Dei sidste Ordi, som Tronden sagde,
heilt tungt i Hugen hans Tord seg lagde.
At verda dengd var just inkje godt,
enn mindre verda til Glis og Laatt.
Ja vaaga Skinnet var ilt og leidt,
men hitta Raad var 'kje helder greidt.

Med Dag han jamlegt paa Saki grundad,
um Trond han drøymde stødt naar han blundad.
Men tridje Kveld han seg slo paa Kne:
„No skal han Trond lata meg med Fred."
Han treiv ein Smørambar glad og kaat
og foor paa Timen ned til sin Baat.

Forbinad heile hans Huslyd glodde
paa Tord, som ut etter Fjorden rodde.
Men han heldt Leidi si lika godt
og sleit paa Aarom med Dug og Trott,
til dess han naadde til Balestrand.
Ved Kapteinsgarden han tok paa Land.

I eine Handi han bar si Huva,
i andre Smøret til Kapteins-Fruva.
So vardt han synt inn til honom Far,
og upp fyr honom sitt Maal han bar:
„Eg bed, min Kaptein, um Hjelp hjaa deg,
for Trond paa Livet hardt trugar meg."

Han talad fint med dan same Laaten
og greidde ut paa sin eigne Maaten,
korleides Trond baad' med Øks og Kniv
i Tunet trugad hans arme Liv.
Vaar Kaptein, som alt i Fyreveg
var Tronden ublid, han sa' med seg:

„D'er godt at Karle, som Trond, faa lære
at mere fredsommelige være
og agte mere paa Embedsmand,
som styrer smukt baade Folk og Land.
Den gamle Raahed maa kues ned,
saa Tord og andre kan gaa i Fred.“ —

Dat so med Saki gjekk, stutt at nemna,
at dei paa Timen let Tronden stemna.
Baad' Prokeratar og Lensmann foor
so tidt og trutt inn i Fjerlandsfjord.
Men Trond seg vreid full av Traass og Harm
innunder Logi si harde Arm.

Dat gjeng skakt fyre honom Trond.

I Hugen vel stor
Trond brukte fyr Retten tidt Slengjeord.
Hjaa alle Storfolk han Uviner fekk,
paa Skakke dat ogso med Saki hans gjekk.
Dei vilde hom læra
ei sjølvraaden vera.

Fyr honom dat vardt
eit Søksmaal, som slo honom myket hardt.
Med alle Utlag til Skrivar og Fut,
han elleve Hundrad sku' plent leggja ut.
So Domsordet lydde,
som Skrivaren tydde.

Her segja eg vil:
Med Retten vaar gjeng dat tidt skræmelegt til;
han syger av Mann baade Merg og Blod.
Slik Skipnad kann visst inkje vera for god;
nei, something rotten*)
maa vera paa Botn. —

Han Trond stod imot
og vilde ej finna seg i nokor Bot.
Han kunde ei faa i sitt Hovud so lett,
at dat skulde vera mot Logjer og Rett,
at han dengde Torden,
naar Tord dengde Broren.

Men Lensmannen kom
med Vitne og lyste til harde Dom.
Han krov etter Pengarne byrg og kaut,
„for annars eg pantar i Hestar og Naut

*) Eitkvart rotet. Desse Ordi ero vordne vidgjetne i all Heimen fraa eit av dei mest namnfræge Skaldverk hans Shakspere, dan engelske Skalden.

og sjølve Garden,"
sa' Frakke-Karen.

„Eg er inkje god
at Pengarne fli deg med tolugt Mod;
eg kjenner eg lid baade Urett og Skam.
Dr Setlaboki du sjølv kann ta' fram
dat du skal hava,
din Lensmannstrave!"

So Geirstad-Trond sa'
og Setlaboki paa Bordet han la'.
Slikt Lensmannen vilde ei høyra paa
og Setlaboki han lest inkje gaa,
men Buskap pantad
fyr dat han vantad.

Paa Skakke dat gleid,
og attaat dan Skam og dan Skade han leid,
Trond lagde seg ut fyre Lensmannsens Hat,
og Mundals-Torden han fekk inkje fat;
han undan flydde
og Tronden skydde.

Dat ser undarlegt ut fyre honom Trond.

Paa Kyrkjebakken dat kunngjort var,
at Jonsok skulde dat vera
Akfjon dar heima paa Geirstad-Gard
paa Hestar og Naut og Verar.

Men Trond han bidd' inkje til dan Tid;
han meinte, at naar han lagde
paa Bordet Boki med Pengar i,
dan Pantingi ingen Ting sagde.

I Veg med Buskapen lagde so han
til Valdres-Fjelli paa Beite,
so som han jamt hadde voret van
at gjera ved Jonsokleite.

Daa Lensmannen inn til Geirstad so kom,
er Stallar og Fehus aude,
og kvart han ser er dat tome Rom,
og alle Baasarne snaude.

Han slein og tenkte: „Dat laakaste Kast
med detta han Trond seg gjorde.“
Og ut til Kapteinen foor han i Hast
med Tidend og honom raadspurde.

So samdest dei um, honom Trond til Spe,
at Lensmannen strakst skulde fara
til Valdres-Fjell etter Trond sitt Fe
med fem av Konungens Karar.

Dat var vel ei drusteleg Hermannsferd,
at Jag etter Nauti gjera.
I Fred maa dat gagna vaar Hermannsgjerd,
at upp so til Striden seg læra.

Han Trond i Fjelli.

I Jotunfjell millom Berg og Snjo,
eit Stykke ovanum Bygdin Sjo,
tett nedanfyre ein steinlendt Mo,
men langt ifraa alle Aalmannvegjer
han Geirstad-Trond hadde sitt Driftaleger.

Hans Hus, dat stod paa ein grasgrodd Voll,
men alt i kring riso Tind og Koll
lik rakvaksne Kjempor og rundvaksne Troll.
Som Musebol imot slike Gutar
laag Heimen hans Trond under høge Nutar.

Visst var dat eit trongt og skrapalt Skjol;
ei Hella var Bord og ein Stein var Stol;
paa Tufti han hadde sitt Nattarbol.
Um Dagen kom Ljos gjenom Dyri og Ljoren,
um Kvelden han fekk dat fraa Elden paa Aaren.

Sin Graut og sitt Supande kokte han sjølv.
Hans heile Matbud du saag paa ei Fjøl.
Ei Hit med Salt og ein Sekk med Mjøl,
litt Smør og Braud, her er heile Lista
paa Geirstad-Tronden sin Heima-Nista.

Men kor som er, i dat litle Kot
han Trond seg likad paa Fjellet godt;
um Dagen ute, i Hus um Nott
han treivst so vel, og so gjorde Geiti
og Hest og Naut i dei gilde Beiti.

Ja liggja i Fjelli ved Sumartid,
naar Graset blømer i øvste Lid,
naar Ylrøyk ligg yver Fjellgarden vid
og varmt dat glitrar paa høgaste Toppen:
d'er Helsebot baade fyr Saali og Kroppen.

Kor gildt at sjaa paa dat sterke Liv:
paa fljote Rein, som paa Viddi sviv,
paa Bjørnen, som luskand' i Urdi kliv,
paa Ørni, som sigler so byrg yver Dalen
og kastar med eitt seg paa beitande Smalen.

Paa Fjellet dat er og slik storfengd Fred
um Kvelden naar Soli er sigi ned
og Skuggarne leggjast kring Urd og Skred,
naar leikande Laat ifraa Fossarne læter
som Salmetonar kring Berg og Sæter.

Som Aalvortonen i Elvar-Slaatten,
so skirt som dei blanke ljosgrøne Votn,
so djupt som ned i dan myrke Botn,
so tungt som dan digre veltande Bred,
paa Fjellet legg alt seg i Saali ned.

Og upp i sitt litle steinbygde Hid
han Trond seg kjende so heil og so fri.
Ja, som ein Kong yver Fjell og Lid
han foor paa Jag etter fljote Reinen
og etter Rjupa, som flagsad kring Steinen.

Men naar han var trøytt etter Jag og As,
han lagde seg tidt i dat mjuke Gras
og gamle Segner hans Snorre las.
Daa veikt honom syntest no Livet i Dalen
mot Livet, som skein fram or Sagatalen.

Han kjende seg daa baade kaut og sterk
og tykte, at Lensmann og Kaptein var Herk,
som gjorde honom slikt Mein og Verk.
Daa fekk han slik Hug at hemna dan Kvida
paa gamall Vis, som dei let honom lida.

Men naar so um Kvelden han sat upp aa Tind
og kjende i Andlitet svale Vind,
og saag yver Votn og Heid og Rind,
i Hug hans daa fredsæle Tankar seg lagde,
og Hemnen og Hatet umsider seg tagde.

Alt laag no so heilagt i fagraste Skrud.
Med Age fyre sin Skapar og Gud
han stillvoren reikad daa heim til si Bud,
som einsleg laag under digre Kollen
med kvilande Fenad i kring um paa Vollen.

Ja Fred saug han i seg i Solarglad
fraa raudgylde Fjelli, som stodo i Rad,
fraa Tonen, som leikande Bekken kvad,
fraa Fosseljomen og Bjølleklangen,
fraa Hesten, som kneggjad til honom paa Vangen.

Daa klappad han Dyken, som gjekk i Beit',
han saag paa dan kvilande Ku og Geit
og tenkte: „Dat er baade ilt og leidt,
at eg skal liggja i Strid med min Næste; —
at gjera Forlik dat er visst dat beste."

Han Trond fer i Aust, men Buskapen i Vest.

So var dat ein glitrande Solskinsdag
at Geirstad-Trond hadde voret paa Jag;
han laag daa paa Bakken i mjuke Graset
og las og kvilde seg ut etter Aset.

Dat var i femte Kristians Log
at han heilt trottugt og djuptenkt saag.
Daa sveiv med eitt dat ein Laat i hans Dyra,
dat Mannamaal var, som han braadlegt fekk høyra.

Daa han etter Laaten snudde seg snøgt,
han Augo fekk paa ein Mannaflokk gløgt.
Han kjende strakst Lensmannen med sine Kappar
paa glitrande Byrsor og skinande Knappar.

Dat honom paa Timen i Hugen daa skaut:
„Dei kjem etter Hestar og Geiter og Naut."
Som særde Udyret upp han daa spretter
og snøgg som Vind inn i Budi han smetter.

Med Skreppa paa Ryggen og Byrsa paa Herd
og Beitsl i Handi han utatter fer.

So leitar han upp dan gildaste Gampen,
som gjekk og beitte dar innunder Kampen.

I einaste Settet paa Ryggen han spring
og rider med Dyken kring Vollen ein Sving.
So seter han upp seg i Ro til at bida
paa Monnom, som nærmar og nærmare skrida.

„Eg kunde dat skyna, eg spyrja ei tarv,
at Ufreden kjem i ditt Fylgje din Skarv,
og at du kjem hit og min Buskap vil stela,"
til Lensmannen Trond skreik med dunande Mæle.

„Daa Buskapen heima eg ingen Stad fann,
eg laut fulla leita som Konungens Mann.
Visst kjem eg i Retten sitt Namn og vil taka
og driva din Bøling aat Bygdi tilbaka."

Og darmed dei foro kring Vollar og Kleiv,
og saman dei heile Bølingen dreiv.
Men Trond hadde ilt fyr sin Harmen at tvinga,
i Aadrom dat brann og dat saud i hans Bringa.

I Tvisprang Tronden fauk
og kringum Feet strauk,
han foor i Aust, han foor i Vest
alt paa sin spræke, sterke Hest.

Soldat laut springa med
i kring um Urd og Skred,
for Feet same Vegen rann
som Trond, dess gamle Eigarmann.

Av Lensmann gjorde han Narr
og flein aat Kongens Kar,
han brukte stygge Slengjeord
og Hemn og Hat deim alle svor.

Men Kyri beljad, Hestar frøste,
Geiti mekrad, Sauden gløste,
heile Buskap fauk som galen
att og fram i Høgfjelldalen.

Men likavel fram etter Dalen dat bar
med heile dan beljande Skreidi,
alt til dei naadde dat steinlendte Skard,
som ber ned aat Luster-Leidi.

Her Tronden stoggad med Hesten sin,
han vilde ei lenger fylgja;
han Velfar nikkad til Bølingen sin,
men kunde snaudt Sorgi si dylja.

So sat han ei Stund, men snudde so braadt
sin Dyk og foor ut etter Dalen.
Daa høyrde han etter seg Lensmannsens Laatt
og Mekring av Geiti og Smalen.

I Blodet dat brann, til Byrsa han treiv
og vende seg um i sitt Sinne.
Daa eitkvart ljost inn i Augo hans sveiv,
som vakte eit fredelegt Minne.

Dat var dan Nut, dar han hadde sin Stad
so tidt i dan fyrre Kvelden,
han stod i Ljoset av Solarglad
og glitrad med fagraste Elden.

Han mintest daa kor han kjende seg sæl,
naar Freden i Hugen seg lagde
fraa Fjell og Dal og Botn og Gjel.
Og Vreiden ved Minnet seg tagde.

Han slengde si Byrsa burt mot ein Stein
og bøygde sitt Hovud mot Hesten.
Han takkad sin Gud han kjende seg rein
fyr styggaste Udaad mot Næsten.

So reid han stillt gjenom Dalen fram,
men tenkte med Sorg og Kvida:
„Nei skal eg daa sutlaus tola all Skam,
som andre lata meg lida?

Skal Landslogi berre vera til Mein
fyr meg og Jamningar mine,
og berre duga til gjera deim rein',
som gjøla fyr Storfolki fine?

Lat Retten døma kvar Tjov og Fant,
med gamle vaar Sed dat høver.
Men inkje kann dat vera rett og sant
at fara med meg som ein Røvar.

Nei Log og Rett skal fria meg ut
fraa mine Uviner stride.
Um eg so skal spilla min Eignalut,
eg kann inkje bægja til Side."

Han Trond vinn myket, men tapar meir.

Langt aust yver Fjell gjenom Skog og Lid
so einsleg og kyrr han Geirstad-Trond skrid.
Han hadde bert atter dan einaste Hesten,
for Pantingi galt fyre Resten.

Og Hesten hans snudde sitt Hovud so tidt
og saag paa sin hugsjuke Husbonde blidt;
daa Trond honom klappad so vinlegt paa Bogen
og heldt si Leid gjenom Skogen.

Naar Kvildi so kom attpaa Dagsens Ferd,
la' Dyken sitt Hovud paa Trond si Herd;
so gjorde han ogso, naar tidla paa Dagen
han Trond honom beitslad i Hagen.

So alt aat Ringerike han foor,
dar han hadde borgat ut Fenad i Fjor.

Daa Skuldfolki her hadde gjort honom Greide,
han atter heldt fram paa Leidi.

So reid han fram gjenom Dal, yver Ris,
alt til han naadde aat Bragarnes.
Dar inn i Byen ein Sakførar budde,
som Tronden kjende og trudde.

Fyr honom han greidde no ut si Sak:
korleides dei Bølingen fraa honom rak,
endaa han paa Bordet Pengarne lagde,
daa Lensmannen Domen hans sagde.

Dan Sakførar meinte, dei hadde ei Rett
at fara med Trond paa slikt sjølvraadet Sett,
og tok so hans Sakmaal i sine Hender.
Til Geirstad Trond heimatter vender.

Og stutt at fortelja, dan logvise Mann,
han førde dan Sak, so at Geirstad-Trond vann,
og Kaptein og Lensmann, som Trond hadde plundrat,
laut bøta paa fjortande Hundrad.

Men av slik Vinning vardt Trond for kaut.
Dan Tanken honom i Hugen skaut,
at han av Lagnaden korad laut vera,
at paa vaar Logskipnad Umbot gjera.

So foor han kringum til Per og Paal,
so tidt han høyrde um Trættemaal.
Naar Bønder laago i Strid med dei haage,
han Trond tok Saki jamt fyr dei laage.

Men oftast tapad han, sjeldan vann,
og etter slikt du vel skyna kann
han spilte myket av Eignaluten
til Lensmann og Skrivar og Bot til Futen.

Han øydde Gods og sin Hjartafred,
og mange Uviner fekk han med.
At styra rett med sin Gard han gløymde,
for Dag og Nott han um Søksmaal drøymde.

Men sidstpaa sa' dei han galen var,
han øyda vilde baad' Hus og Gard;
so fekk dei honom sendt inn til Staden
paa Daarehuset at hindra Skaden.

Dar sit han no dan sterke Mann,
som synteſt skapt at vera
til Pryda fyre Folk og Land,
men tapad Vit og Æra.

Han vinleg er og spak og still
og vitlaust inkje talar,
men spyrr du um han gjerna vil
dar heim til sine Dalar:

Daa kjem dat Eld i Augnakast
som Glans fraa blanke Staalet.
Han svarar helder kaut og kvast
paa sterke Sognemaalet:

„Naar Kongen sjøl me eigi Hond
meg ut or Stova leie,
og fyle heim te Fjerlans Strond
og sjøl vaar Rett han greie,
daa e da Ti fy Geirsta-Trond
aa fara te si Bygd;
min Kong han kjem um liti Stond,
han e mi retta Trygd."

Men hever du Hug til at høyra gjeta,
kor dat bar av med han Mundals-Tord,
so skal eg sidstpaa lata deg vita,
at han heilt snøgt til Amerika foor.
Han vardt i Bygdi til Spott og Haad,
alt fraa dan Dagen han tok dan Raad,
at fara um Kvelden til Balastrandi
med Smørstykket sitt i Handi.
Smaagutarne frette, naar honom dei saag,
um Hjartat hans ned i Ambaren laag?
Dei vaksne spurd' um han bar same Huva,
som daa han seg bøygde fyr Kapteinsfruva?
Men Gjentonn stakk Hovudi saman og log,

naar Torden paa Vegjerne framum deim drog.
So tenkt' han: „Dat er no vel likaso godt,
at burt ifraa Heimen sin fara,
naar heima ein gjeng bert til Glis og Laatt
imillom baad' Kvende og Karar."
So rømde han burt og selde sin Gard,
og soleids vardt Tord ein Amerikafar.

Medan Skjotkaren fortalde, hadde Baaten vaar voret i stødt og jamt Framsig ut etter Fjerlands-fjorden. Dat var som skulde me glida burtetter ein blank Spegel. Strenderna og dei finskapad Fjelli var Raama med Krot av Aasar, Haugar og Tindar. Fossarne, som laag ned etter Gil og Grøver, saag ut som dat innlagde Sylvet, og Snjoen og dei hægste Nutar gleim endaa som rikaste Gullet upp i Himna-leitet. Kvelden var varm og still, men ender og daa, naar me sigo framum eitkvart Dalsmynnet, bar dat ned fraa Fjelli ein sval Gufs, som friskad dan heit-vorne Norsmannen. Daa flaut Ordi hans endaa kvikare fraa Munnen, naar dei leikande Gaarorna, som Svalvinden skapte burtetter dan stavstille Fjorden, skvalad mot Baatar-Bordet utbyrdes og likasom slo Takt til dei maalande og djerve Ordlagi til Fortel-jaren. Daa han hadde endat, vardt dat ei lang Togn paa Baaten vaar. Dan tungsame Livssaga hans Geirstad-Trond hadde lagt seg yver Hugen min. Eg sat endaa tankefull, daa Baaten seig ut i

dan vide Storfjorden, og samstundes fekk eg og Hug til at bera Segni ut or dan inneklembde Fjelldalen, ut til ein større Aalmenning. Eg vilde gjerna, at Segni ogso skulde leggja seg i Hugen din, min kjære Lesar, so som ho lagde seg i min. Men daa ein no um Dagarne jamlegt fær høyra dat Sakmaalet mot skrivande Folk, at ein øser upp Bonden mot Storfolket, og daa Diktet mitt er av eit slikt Emne, at eg inkje kann vera ottelaus fyre at sume vilja taka slik Forarging, so vil eg her med dat same bægja slikt Sakmaal ifraa meg, med at gjeva Tidend um, at Uppøsing hever voret so langt ifraa min Tanke at eg tvertum, til Skade fyre Fortelnaden maa henda, hever teiknat honom Trond baade meir ustyren og hard en Folkatalen gjerer, og framstellt Hendemaali meir til Vinning fyre dei andre.*) Eg hever skrivet med dan største Umhug fyre inkje at leggja annan Skuld paa dei styrande, en dan, som maa koma paa deim, fyre di dei inkje skyna Bonden og inkje hava Auga paa hans sermerkte Huglynde og dei Krav, som reisast fraa dan sereigne norske Tjodskapen, som kjem fram baade i hans Retskjensla og Seder, Husliv og Aalmenningsliv, i hans Aatferd

*) Alle Hovuddrag, so som Tal og dei allra vigtugaste Hende, er sjølvsagt etter so som eg høyrde deim av Skjotkaren og nokre andre Sambygdingar, som stadfesta dat han hadde boret fram, men daa dei fleste umskrivne Folk i Fortelnaden endaa liva, hever eg anten inkje nemnt deim med Namn, elder umskift Nomni deira.

i Gaman og Aalvora, i Tungemaalet og i all hans Livevis. Dette Vanskyn elder Faavit er dat, som beint gjerer, at dat kann henda, dat som altfor tidt hever hendt, at dei styrande, naar dei som best tru at gjera si Skylda, likavel koma til at styra skakt og forsynda seg hardt mot dat beste, som Folket ber paa, samstundes som dei hava Hug til at gjera vel og gagna Landet sitt. So mangt eit gasta Manns-emne kann spillast, naar han verd driven inn paa ei gali Leid, av di dat ingen var, som kunde skyna honom og Haatten hans, elder saag dan Vegen, som best høvde honom. Naar han, som skal styra Lasset, inkje kjenner Dyken, daa gjeng dat snart i Aalvelte, men god Fyremann gjerer godt Fylgje. Men dan, som synest sjaa at dat gjeng paa Skakke elder av Leidi, han maa ropa Varrop. Utan at leggja dei styrande nokon Illvilje til Last, maa kvar ein god Borgar likavel minna um, at dei skal standa til Rekneskap fyre Maaten som dei styra paa, og han maa hugheilt og so endeframt som mogelegt bera dei Mistak fram i Dagen, som han synest uppedaga. Naar eg difyre trur, at all Striden og Møda, som haugad seg kringum honom Trond, just er eit raa-kande og lærerikt Døme paa slike Mistak, som hava si Orsak i dan Vant paa Kjendskap til Folket og Folkalyndet, som dat greidt raader hjaa dei styrande hjaa oss, daa vilde dat høva illa at inkje bera hans Livssaga fram, av Ræddhug fyre at vekkja eit annat

Misnøgje en dat, som rettvist er, og som alle Partar sidstpaa er best tente med kann koma fram, til Rettleiding og Bate paa baade Sidor, anten dat so gjeld um at læra bruka dat gode i Folkatoet elder at bøta paa dat veike.

Men eg lyt koma tilbakar til Ferdi mi. Daa me naadde ut imot Balholmen, var Klokka inkje meir en tio. Klokka elleve skulde Eimskipet vera her, so at me kunde gjeva oss god Tid, trudde me. Eg hadde gjort meg dat maklegt i Baaten og faret or Styvlom, som var vordne vaatfengde av Snjovadbingi. Hugheil paa at eg hadde god Tid, sat eg endaa i Hussko og utan Halsklut i dan milde Kvelden og saag utyver dan vide, store Landskapen og grundad paa dan storfengde Livssaga, som eg hadde høyrt. Daa ropad Rorskaren braadlegt: „Dar kjem Dampen." I Kveldsdimet hadde me inkje vordet var Skipet, som alt hadde stadnat og laag i Skuggen under Balestrandslandet. Dat var komet ein heil Time for tidlegt, og eg, som sat i god Ro og inkje ventade slikt, laut springa umbord nett so som eg gjekk og stod. Dat var snaudt nog eg fekk trysta Handi og ropa Velfar til Vinen min, som vilde i Land i Balholmen og bida paa Eimskipet, som næste Dag skulde føra honom til Byen. Med Styvlom i dan eine Handi og Halskluten i dan andre og med dan uppløyste Skreppa i Fanget kom eg springande upp Skipstroppi, til stor Moro fyre Ferdafolket um

Bord, men under mistrune Augnakast fraa Uppvardaren. Han synteſt hava Hug til at meinka meg Uppgangen til fyrste Plass, og dat var snaudt han vilde lyda paa meg, daa eg strakst bad um ei Flaska Øl og nokot Mat, svolten som eg var, av di eg inkje hadde etet sidan eg var paa Bergsstødlen, dar dan sidste Skreppenista foor ned. Eg saag fulla ogso ut rett som ein Rekefant, so eg skal inkje undrast so myket paa dat litet vyrdande Mottak, som eg fekk, og dan Undring, som fylgde i Fotafaret mitt.

Men vakte eg Undring umbord i Eimskipet, so tykte eg og, at dat inkje var mindre undarlegt at koma so braadlegt i dat Umskiftet. Ja dat var fulla undarlegt fyre meg, som kom fraa dan avleides, rolege men sterke Fjelldalen og dat tilsvarande Livet darinne, at stiga umbord paa Eimskipet og so med eitt koma midt upp i alt dat Staak og all dan Uro og Aunsemd, som fylgjer med denne frøsande Bodberar fraa dan aalmenne, kvildarlause Kulturen. Motsetningen var helder kvass og skjerande. Dat fyrste, som spratt meg i Augo, var tvo Engelskmenner, som med utspende Kinner og heilt aalvorsame sat og bles Vind i kvar si store Guttaperka-Hit. Hiterna skulde vera til Underbol fyre tvau Kvende deira, som skulde hava si Nattlega upp aa Dekket, av di dat var so heitt og trongt under i Damekajytta. Dei tvo Damer saato tagalle attmed og saag paa Yrkjet til Herrarne, og dei vaaro alt iklædde sin Sovebunad, ein

fotsid, glodraud Nattkjole med Hetta paa. Daa Hiterna etter myki Blaasing endeleg vaaro vindfylde, vardt Bolet tillagat lengst bak paa Halvdekket og Damerna vordo nedlagde. Etter at Mennerne hadde skipat alt i Lag og breidt Aaklædet vel paa deim, med same Aalvora som dat hadde voret ei Likbaara, dei stellte til, sagde dei sitt „good night“ med dan djupaste Gravtonen, bøygde seg og kvarv burt ned Kajytt-Troppi.

Dat næste Kulturmenne, som eg fekk Augo paa, var ei ung, fager Fru, som sat og bysste paa ein liten væn tvau Aar gamall Gut, som laag i ei liti Vognseng næstan hermetisk nedstappad i tjukke Dun-Sengklæde. Dat var inkje at undrast paa, at Guten inkje vilde taka Ro dar han laag og storsveitad i dat heite Bolet sitt paa dan heite Sumarkvelden. Dat beste Mannsemne kunde tynast med slikt Uppal, tenkte eg, og sagde dat ogso til dan unge Fru, som eg hadde Kjendskap til. Eg kom i Hug honom Geirstad-Trond og dat Uppalet, som han hadde fenget, og eg laut tenkja paa kvat Slag Haatt dar vel skulde verda i dan Ætti, som alast upp paa dan aalmenne Byvisi. Eg hadde fulla Svaret fyre Augo i tvo bleike, skrinnleitte Studentar, som saato med kvar sitt Groggglas framfyre seg og talad myket ivrigt um, korleides „Restaurationerne“ hadde voret paa dei ymse Dampskip, som dei hadde faret med, um dat grøtelege Matstell og Husstell, som ein laut

lata seg lita med i Vestlandsbygdom og um kvat Fysna dat skulde vera, at snart atter faa sitja i Matsalen hans Ingebrikt i dan civiliserte Hovudstaden. Aa ja, at fara paa Landet til at kveikja Mathugen sin er no ogso eit Endemaal, og desse tvo saago vel ut til at turva gjera ei slik Ferd.

Daa eg var ferdug med Matmaalet mitt og reikad att og fram paa Halvdekket, sveiv dat no og daa eit og annat Ordlaget inn i Øyro mine fraa eit Par tilkomne, høgmælte Menner, som med sine sylvslegne Pipor saato utmed Rælingen i aalvorleg Samtale. Dei peikad stundom upp aa Landet, og eg høyrde somyket, at dat var um Innkomorna til Skrivar og Fut og dan og dan Presten at dei samtalad, og daa eg attaat høyrde Ord um kor knipen og kravsfull Bonden var no og litet paaskynug mot sine Embættesmenner, so var dat uvandt at skyna, kvat Slag Folk dei vaaro. Dat er no heppelegt, at sume hava so god Syn paa Folksens Udygder. Naar ein so vel kann sjaa Flisi i Broderaugat, daa er dat alltid eit Stykke paa Vegen, og dat kann vel daa vera Von um, at ein med Tidi kann faa sjaa Bjelken i sitt eiget med. Soleides tenkte eg og drog meg fram aat Fordekket og saag ei Stund paa dei kvilande Sogningar dar. Eg saag paa Guten, som studde sitt Hovud mot Kistelaaket, og paa Gjenta, som kvilad sitt Hovud mot Guten si sterke Herd; eg saag paa Mannen, som hadde Armen um Kona

si. Ho laag med Hovudet mot Bringa hans, medan ho hadde Armarne sine traust krosslagde um Smaaguten, som laag og sov i snaude Fanget med Rosor paa Vangen og Smil um Munnen. Eg saag ogso paa eit Par tilkomne Menner, som samtalad, i di dei gladlynde saug paa kvar sin litle Snaddepipa og puffad dan eine Røykdotten ut i Lufti etter dan andre. Dat sveiv ogso Ord inn i Øyrat mitt fraa Samtalen deim imillom, men dat var Lovord um dan gilde Presten deira.

Imedan skaut Eimskipet fram i dan kyrre, dimljose Natti, framum Syrstrond, Fimreite og um Nordheimssundet. Eg kann aldri fara her igjenom, utan at eitkvart Bilætet ifraa Slaget deim Sverre og Magnus imillom skyt seg fram fyre Hugsyni. Eg syntest sjaa Kapparne paa dei samantengde Skipi, Stamnbue mot Stamnbue og Mann mot Mann kringum deim, eg saag dat glitra i Mannflokken fraa dei svingde Vaapni, likasom Gneistar av Eldhugen og Modet, som daa raadde i dei staute, norske Hjarto til Federne hans Geirstad-Trond. Eg vende meg aat ein Kjøpmann fraa Bjørgvin, som stod attved. Han var dan einaste av Ferdafolket, som syntest gjeva Gaum paa Landslaget, og til honom sagde eg: „Her var dat Kong Magnus støypte seg i Sjoen.“ „Ja saa,“ svarad han, geispad og gjekk ned i Kajytta.

Daa me no nærmad oss til Sogndal, laut dei tvo engelske Damer verda vakte or Svevnen sin, av

di Skipsfolket skulde hava Landtoget ut just paa dan Sida, dar dei laago. Dei laut difyre risa og faa sine Vindbol og Sengjaplogg flutte paa hi Sida av Halvdekket. Dat var fulla ei løgleg Syn fyre dan, som uvan var med slikt, at sjaa dei tvo glodraude Skjepnor tusla dar imillom Matrosarne, og eg undrast inkje so myket paa, at Bondegutar, som dei var, gliste seg imillom. Eg kunde snaudt nog berga meg sjølv, daa eg foor burt til Kvendi og spurde deim paa Maalet deira, um eg kunde vera deim til nokon Beine. Kjenningen min hadde sagt meg, at dan eine Dame var ung og fager, og eg var glad ved at hava Tilføre til at faa sjaa Andlitet i Nærleiken, men eg raakad i Mist. I Dimet er alle Kattar graae og Klædebunaden skulde just inkje hjelpa meg paa rett Leid helder. Dan som snudde seg til meg, var ei gomol, ljot Kona, som likavel neig so djupt og kvikt, at Dussen paa Hetta slo henne i dat smørblide Andlitet, daa ho svarad sitt: thank you Sir! (Takk maa De hava, min Herre!) Dei vordo daa atter nedlagde og paabreidde, til Gaman fyre Normannen og Matrosarne og dan bjørgvinske Fru, som allesaman visst tykte, at Englendingarne ero ei myket løgi Folkeferd. Ja soleides er dat: Bymannen lær aat Bondevisi og Bonden ler og nokot litet av Byvisi og baade tvo so lægja dei av dan engelske Visi, men Engelskmannen rister paa Hovudet aat vaar og all Heimsens Vis. Og dan

simple Sannleiken er daa dan, at kvar Vis, som høver med og er rotfest i Folkahaatten og Landslaget, kann vera vel nog fyre seg. Dan einaste Visi, som inkje høver, er Apavisi, som me sjaa so myket til hjaa vesalle og usjølvstøduge Folkaferder, og dessverre ogso hjaa deim, som kalla seg Nordmenner.

Kor som all Ting er, so vil eg no lata dei engelske Ladys sova i Fred i sin blodraude Nattbunad og stiga i Land i Sogndal i Lag med dan oftnemnde Fru, som skal paa Gjesting her i Dalen. Eg hjelper henne med Gleda fram til Gar'os og triller traattugt paa dan sveitande Guten hennar upp etter dan sandutte Vegen, til dess eg sjølv verd baade heit og sveitt. Soleides kom eg heim til Bustaden min, lika varm som eg var dan Kvelden, daa eg byrjad Ferdi upp Gildreskrida. Men aldri skal eg trega paa Sveitedroparne, som eg miste paa dan litle Ferdi i tvau Jamdøger, for Minni, som eg bar heim med meg, synteft meg vel uppvega deim. Dei var meg so kjære desse Minni, at eg fekk Hug til at friska deim upp atter med at bera deim fram i Pennen fyre deg, min kjære Lesar. Kunde eg no vona, at du ogso hadde funnet eitkvart, som uppvog Tidi, som gjekk med til Lesnaden, daa kunde eg leggja Pennen med same Hugnad, som eg treiv til honom. Dat var no paa Voni gjort og paa Voni segjer eg Takk fyre Laget til deg, som fylgde med til Enden.

Ei liti Ferd

fraa

Sogndal til Fjerland

av

Henrik Krohn.



Bjørgvin 1868.
Hjaa Ed. B. Giertsen.





